

2011

HEMSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING

INNHALD

INNHALD	2
RÅDMANNENS KOMMENTAR	3
ORGANISASJONSKART HEMSEDAL KOMMUNE	4
KOMMUNESTYRET	5
MEDARBEIDARAR	6
SENTRALADMINISTRASJON	9
KULTUR OG OPPVEKST	11
OPPNÅDDE MÅL INNAN KULTUR OG OPPVEKST.....	13
AVVIK INNAN KULTUR OG OPPVEKST	18
HELSE OG OMSORG	20
MÅL OG RESULTATOPPNÅING	25
DEI ULIKE EINGANE I HELSE- OG OMSORGSETATEN	26
NAV	30
HALLINGDAL BARNEVERN	32
TEKNISK ETAT	34
TEKNISK ETAT – STAB	36
EIGEDOM	41
TEKNISK DRIFT	42
STATUS INVESTERINGAR – TEKNISK DRIFT.....	48
SJØLVKOST – ETTERKALKYLE 2011	49
TABELL NÆRINGSFONDET	51
ØKONOMISK RESULTAT - VURDERINGAR.....	52
DRIFTSREKNESKAP 2011.....	59
INVESTERINGREKNESKAP 2011	60
BALANSEN 2011.....	61
KOSTRA	62
VEDLEGG ÅRSRAPPORT IKT-HALINGDAL.....	65

RÅDMANNENS KOMMENTAR

Folketalet i Hemsedal held fram med å vekse, og i 2011 auka folketalet med 88 personar til 2228 innbyggjarar. Hemsedal hadde den største forholdsmessige auken i heile landet med ein vekst på 4,1 %. Ein stor del av befolkninga er i produktiv alder og dette gjer seg utslag i høge fødselstal. Dette pregar kommunen ved at det stor aktivitet både på drifts- og investeringssida.

Kommunen investerte 24,4 millionar kr. i 2011. Dei største prosjekta er utvikling av bustadfelt (ca. 7 mill.), barnehage (ca. 6,7 mill.), rehabilitering av vatn og avlaup (ca. 5 mill.), kjøp og opparbeiding av industriområde, og eigedom for framtidig plassering av prosjekt Norge Friluftshøgskule (ca. 3,4 mill.) . I tillegg er det investert over 2 mill. kr. i ulike tiltak innanfor områdene skule, helse og omsorg.

Tenesteproduksjon i kommunen er høg, spesielt innafor områdene kultur, oppvekst, helse og teknisk drift. Totalt er det brukt ca. 180 mill. kr. til drift. Dette er ei auke frå i fjor på 9,8 %. Kommunerekneskapen syner eit netto driftsresultat er på -3 321 914 kr, medan same talet i fjor var -1 901 115 kr. Dersom ein korrigerer årets resultat for ekstraordinære poster er resultatet ein betring i høve til fjoråret. Økonomiplanen for 2012 legg opp til at kommunen skal oppnå eit positivt netto driftsresultat og målet er å oppnå anbefalinga frå Fylkesmannen på 3 % av driftsinntektene (ca. 5,5 mill.) i 2013.

Skatteinngangen (inntekt og formue) var for rekneskapsåret 53,3 mill. kr. Dette er 2,5 mill. kr mindre enn rekneskapet 2010, og 2,8 mill. kr. mindre enn budsjettet. Skatteinngangen for 2011 var på 109,6 % i forhold til medelen for landet, medan talet for 2010 var 112,4 %.


Balanserekneskapen viser at kommunen har 110,4 mill. kr. i langsiktig gjeld. Dette er ei auke frå i fjor på 13,6 mill. kr. Målt mot brutto driftsinntekter utgjer gjelda 65 % og fordelt pr. innbyggjar utgjer ho 49 564 kr. Arbeidskapitalen er redusert med 6,4 mill. kr. til 21 mill. kr ved utgangen av året. Målt mot brutto driftsinntekter utgjer dette 12,5 %, medan talet burde vore over 20 %.

Dyktige tilsette er den viktigaste faktoren for å kunne tilby gode tenester. Resultatet av dette er fornøgde brukarar. Det god grunn til å takke alle medarbeidarane for innsatsen i 2011.

Sveinung Halbjørhus

Rådmann

ORGANISASJONSKART HEMSEDAL KOMMUNE



Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og elderråd. Formannskapet med tillegg av representantar frå Framstegspartiet og Sosialistisk venstre er økonomiutval. Formannskapet med tillegg av to tillitsvalde er administrasjonsutval.

KOMMUNESTYRET**Kommunestyret fram til valet 12. september 2011:**

Oddvar Grøthe	Ordførar	Senterpartiet
Tove Eggen Lien		Senterpartiet
Sveinung Halbjørhus		Senterpartiet
Viel Ribberud		Senterpartiet
Kjell Reidar Kristiansen		Senterpartiet
Odd Holde		Høgre
Ellen Møllerplass Mythe		Høgre
Jan Egil Halbjørhus		Høgre
Runar Olav Bjøberg		Høgre
Odd Bekkevold		Høgre
Olav Støyten	Varaordførar	Kristeleg Folkeparti
Håvard Venås		Kristeleg Folkeparti
Signe Lise Hovig Jordheim		Kristeleg Folkeparti
Ernst Tore Eggen		Arbeiderpartiet
Helene Sagabråten		Arbeiderpartiet
Tor Grøthe		Framstegspartiet
Martin Lindal		Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyret etter valet 12. september 2011

Oddvar Grøthe	Ordførar	Senterpartiet
Tove Eggen Lien		Senterpartiet
Pål Rørby		Senterpartiet
Knut H Ulsaker		Senterpartiet
Torstein Tuv		Senterpartiet
Jan Egil Halbjørhus		Høgre
Odd Holde		Høgre
Marte Steimler Thorset		Høgre
Iren Halbjørhus		Høgre
Tore Flaget		Høgre
Helene Sagabråten	Varaordførar	Arbeiderpartiet
Olav Syversbråten		Arbeiderpartiet
Olav Støyten		Kristeleg Folkeparti
Håvard Venås		Kristeleg Folkeparti
Tor Grøthe		Framstegspartiet
Tronn Inge Tuv		Framstegspartiet
Martin Lindal		Sosialistisk Venstreparti

Kommunestyremøta blir overført på Radio Hallingdal og sakspapir og møteprotokollar blir gjort tilgjengelege på kommunens heimeside www.hemsedal.kommune.no.

Tal handsama saker	2009	2010	2011
Kommunestyret	87	116	155
Formannskap	88	141	104
Hovudutval Teknisk	99	104	110
Hovudutval Livsløp	53	64	52

MEDARBEIDARAR

Hemsedal kommune ynskjer å gje medarbeidarane ei meiningsfull, utviklande og inspirerende kvardag. Kommunen er kjent for sitt gode arbeidsmiljø med engasjerte og positive medarbeidarar.

I ein liten kommune må mange arbeide med fleire fagfelt enn medarbeidarar i større kommunar. Sårbarheita er større ved avviking av ferie eller anna fråvær frå jobben. Arbeidsmengdene og tidspresset er tidvis stort.

Hemsedal kommune må arbeide meir med desse utfordringane. Hemsedal kommune er ein dynamisk og moderne kompetansearbeidsplass. Kommunen sine tilsette er den viktigaste ressursen vi har for å kunne gje våre innbyggjarar eit fullverdig tenestetilbod.

I Hemsedal kommune arbeider 208 kvinner og 43 menn. Andelen kvinner utgjer 83 %. Desse 251 medarbeidarane utgjer 196 årsverk. Dette er det same tal årsverk som i 2010.

Utvikling i løn for faste- og timelønte i hovud- og bistillingar i Hemsedal kommune.

Tal pr. 1.12.2010 og 1.12.2011 basert på Pai-registeret


Kjønn	Månedstjeneste 2011	Grunnlønn 2011	Endring i månedstjeneste 2010-2011	Endring i grunnlønn 2010-2011	Ansatte 2011	Årsverk 2011	Endring i årsverk 2010-2011
Kvinner og menn	32.586	31.452	1,8%	3,0%	251	196	0,1%
Kvinner	32.017	30.752	2,2%	3,2%	208	160	0,7%
Menn	35.158	34.616	0,6%	2,7%	43	35	-2,3%

Hemsedal kommune fylgjer gjeldane lovar, forskrifter og tariffavtalar som kan bety noko for likebehandling mellom kjønna. I rådmannens leiargruppe er det like mange kvinner som menn.

Lønsforhold justert for ulike faktorar. Fastlønte hovudstillingar i Hemsedal kommune. Gjennomsnittleg forteneste pr månadsverk og gjennomsnittleg grunnløn pr. månadsverk for kvinner i prosent av menns løn.


	Årstall					
	2009		2010		2011	
Justert for	Kvinner måneds- fortjen- este i % av menns	Kvinner grunn- lønn i % av menns	Kvinner måneds- fortjen- este i % av menns	Kvinner grunn- lønn i % av menns	Kvinner måneds- fortjen- este i % av menns	Kvinner grunn- lønn i % av menns
Alder	89	86	90	88	89	87
Ansattgruppe	99	98	97	97	97	97
Ansiennitet	87	85	89	87	89	87
Stillingskode	97	97	96	97	99	99
Utdanning	94	95	93	93	96	95

Hemsedal kommune har hatt eit lågt sjukefråvær i mange år. Tabellen under viser legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær dei siste seks åra.



Tabellen viser at gjennomsnittleg sjukefråvær i 2011 er høgare enn dei siste årene. Likevel viser utviklinga gjennom året at ein ved utgangen av 2011 er nede på same nivå som dei føregåande årene.

Sjukefråvær 2008 - 2011



Kommunen har eit stort behov for vidare- og etterutdanning innanfor mange fagområder. I 2011 er det innanfor helse og omsorg at flest medarbeidarar har gjennomført vidare- og etterutdanning.

Hemsedal kommune har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv (IA-avtale)

Kommunen har seniortiltak for tilsette mellom 62 og 67 år. Tiltaka er bonusordning eller meir fritid.

Hemsedal kommune er medlem av HAVA BHT (Hallingdal og Valdres bedriftshelse) der kommunen kjøper eit visst tal timar for gjennomføring av aktivitetar i Hemsedal.

Kommunen arbeider aktivt med HMS (helse, miljø og sikkerheit). Arbeidsmiljøutvalet har fleire møter i året der dei går gjennom avviksrapportar. Det blir og laga ein plan for kva oppgåver som skal prioriterast. HMS-boka vert revidert kvart år. Dette er kvar enkelt leiar sitt ansvar saman med verneombod.

Kommunen er oppteke av at alle skal kjenne tryggleik og arbeidsglede på arbeidsplassen. I 2011 har kommunen hatt ein 20 % stillingsheimel for hovudverneombod. Arbeidet til hovudverneombodet saman med verneomboda har vore viktig for kommunen.

Kommunen har og hatt eit godt samarbeid med alle tillitsvalde.

Kommunestyret har vedteke etiske retningslinjer for å sikre ein høg etisk standard i kommunen.

SENTRALADMINISTRASJON

Sentraladministrasjonen består i hovudsak av einingar som utfører interne støttefunksjonar. Etaten blir leia av rådmannen i kommunen. Fram til 31.august var Gabriel Johannessen rådmann. Frå 1. september overtok Sveinung Halbjørhus. Dei einskilde avdelingane er:

Økonomikontoret, med tre årsverk fordelt på fire medarbeidarar. Økonomikontoret er ansvarleg for fakturering og innfordring av kommunale krav, betaling av rekningar og bokføring og avstemming av kommunens rekneskap. Økonomikontoret har også eit overordna ansvar for budsjett og økonomiplan for kommunen.

Felles innkrevjingskontor for Hallingdal står for den tyngre innfordringa for kommunane i Hallingdal der dette er naudsynt. Det same kontoret er også skatteoppkrevjer. Dette samarbeidet er organisert som vertskommuneansvar med politisk nemnd.

Hemsedal kommune har starta eit arbeidmed å utarbeide eit **finansreglement**. Saka vil bli slutført i 2012.Kommunen har plassert sine midlar som bankinnskott i Sparebank 1 Hallingdal.

Hemsedal kommune har eitt årsverk på **personalkontoret**. Personalsjefen sine oppgåver er å støtte og gi råd til alle etatar på fagfeltet personal. Ved nyttilsetjingar kan dette vere skriftleg dialog med søkjarar, utarbeide søkjarliste, delta på intervju og lage arbeidsavtalar. Personalsjefen er systemansvarleg for HMS (helse, miljø, sikkerheit), medlem i nærversgruppa, sekretær i AMU (arbeidmiljøutvalet) og IA - kontaktperson(inkluderende arbeidsliv). Personalsjefen er medlem i forhandlingsutvalet ved lokale lønsforhandlinger og er kontaktperson for kommunen på pensjon og personforsikring. Personalsjefen inngår i Rådmannens leiargruppe.

Lønskontoret, som er eitt årsverk, har ansvaret for fast og variabel løn i Hemsedal kommune og å ajourføre grunnlagsdata med bakgrunn i endringar i regelverk og satser. I 2011 vart det utbetalt over 109 mill. kr løn og sosiale utgifter. Kontoret har ansvaret for rapportering til offentleg organ og for avstemming av løn mot rekneskap. Løn har også ansvar for fråversregistrering og refusjon frå NAV og rettleie etatan e om regelverket for løn og fråvær.

Post – og arkivtenesta har 1,5 årsverk. All post som blir levert på papir til kommunen blir sortert, journalført og fordelt frå sentralt postmottak. Det er også felles postmottak for elektronisk post som blir stila til postmottak@hemsedal.kommune.no. Hemsedal kommune har fullelektronisk arkiv, og i 2011 er det oppretta 2 258 arkivsaker og 12 425 journalpostar/registreringar. Arkivtenesta har som oppgåve å kontrollere dei registreringar som sakahandsamarane gjer i kommunen sitt sak/arkivsystem.

Det er krav om at dokumentjournalen blir offentleggjort elektronisk. Denne blir lagt ut på kommunen si heimeside. Publikum kan kome med krav om innsyn.

Under sentraladministrasjonen høyrer også **politisk sekretær** som utfører ei rekke oppgåver mot politikarane, slik som sakshandsaming, ansvar for saksdokument og politiske møter, løn til

folkevalde, og ansvar for kommune- og fylkestingval og stortingsval.

Målet for disse støttefunksjonane er at dei andre etatane skal vera så godt nøgd som mogeleg med dei tenestene som blir utført. Det er ikkje utført brukarundersøkingar om kor nøgd brukarane er med dei tenestane som blir ytt, men det er ei klar oppfatning av at tenesten som blir levert held høg kvalitet

Tenestetorget har ansvar for eit vidt spekter av tenester retta mot publikum. Tenestetorget utfører oppgåver på vegne av andre kommunale etatar og fagområde. Samla bemanning for verksemda er 3,50 årsverk. 2,7 årsverk er knytt til operativt arbeid i Tenestetorget, 0,6 årsverk til leiaroppgåver og webarbeid og 0,2 årsverk er knytt til sals-, skjenke og serveringsløyve; sakshandsaming og oppfølging. Tenestetorget sin viktigaste funksjon er å vera primærkontakt til kundane. For å oppnå dette er god kunnskap innan mange områder naudsynt, samtidig som det er viktig med god informasjonsflyt internt i kommunen.

Forbrukerrådet har frå perioden 2005 og fram til i år gjennomført testar av servicenivået i kommunane. Forbrukerrådet sine kommunetestar tek føre seg service, informasjon og tildels kunnskapsnivå i publikum sitt møte med kommunen. I Buskerud kom kommunane Hol og Hemsedal best ut.

Tenestetorget har ansvaret for telefonisystema i Hemsedal kommune. Hemsedal er regional kontakt for telefonisystemet Trio. Tenestetorget deltek i regionale faggrupper innan web, Trio, telefoni og servicetorg. I 2011 har tenestetorget i tillegg hatt ansvaret for gjennomføring av kommune- og fylkestingvalet.



KULTUR OG OPPVEKST

Etaten har fleire verksemdar innanfor områda kultur og oppvekst.

Kulturområdet femner om musikk- og kulturskule, folke- og skulebibliotek, unge og fritid, lag og organisasjonar og generelle kulturaktivitetar.

I kommuneplanen er det mellom anna nemnt at Hemsedal kommune i sin kulturpolitikk vil sikre mangfaldet innanfor kulturlivet og gjennom kultur og idrett styrke kjensle av samhald og fellesskap i bygda.

Målet er å ta vare på Hemsedal sin kulturelle identitet. Det skal vere gode arbeidsvilkår for frivillige lag og rom for eldsjeler innanfor kulturtiltak. Kulturmidlar skal utdelast to gonger i året og medverke til god aktivitet i lag og organisasjonar. Vi vil ha attraktive idretts- og aktivitetsanlegg.



Biblioteket skal vera ein møteplass og arena for kultur- og kunnskapsformidling. Ein aktiv fritidsklubb skal vera ein arena for positive og sosiale aktivitetar og vera eit alternativt tilbod som femner om uorganisert sport og lek. Musikk- og kulturskulen har som mål å gje eit tilbod til alle som ynskjer det. Også i år har Musikk- og kulturskulen toppa tal på elevplassar. Dette har vi klart fordi vi har tilbod i gruppeundervisning både i drama, dans og song.

Samarbeid mellom kommune og kyrkje må vidareutviklast til fordel for felles arrangement. Kyrkja som også er ei folkekyrkje, må vere inkluderande, femne om forskjellige kulturar og gi støtte til enkeltmenneske i ulike livssituasjonar.


Oppvekstområdet består av verksemdene barnehage, grunnskule, skulefritidsordning og vaksenopplæringa.

Vi vil arbeide for eit trygt oppvekstmiljø der kvart enkelt individ kan utvikle seg til sjølvstendige menneske. Dei unge skal kunne møte utfordringar fagleg og sosialt, som dei kan meistre saman med andre. Kvar skule skal kjenneteiknast av eit godt læringsmiljø. Det skal vera nulltoleranse for mobbing.

Eit nært samarbeid mellom barnehage, skule og skulefritidsordninga skal gjera overgangen mellom barnehage og skule lett. Med dei to oppvekstsentra i bygda har vi eit godt grunnlag for å få dette til. Kultur og oppvekstsektoren vil saman med barnevern, psykisk helse og helsestasjon ha eit sterkt fokus på førebyggjande arbeid. Gode førebyggjande tiltak i oppveksten vil innverke på heile livsløpet. Gjennom tidleg innsats kan vi gje god oppfølging tidleg i livet. Dei kulturelle aktivitetane vil vera viktig for at den oppveksande generasjon skal få styrka kjensla av samhald og fellesskap.

Vaksenopplæringa vert gjennomført i samarbeid med alle Hallingdals kommunane. Ved å samkøyre tenestetilbodet, nyttar ein ressursane betre. Gjennom godt interkommunalt samarbeid klarer vi å ivareta opplæringslova §§4a-1,2 og 3 sine krav som er: rett til grunnskoleopplæring for vaksne, rett til spesialundervisning på grunnskolenes område og rett til vidaregåande opplæring for vaksne.

Organisering



Bemanning

Etaten har generelt god kompetanse i faste stillingar. Vi har hatt store utfordringar gjennom året med å få kvalifisert bemanning til alle utlyste stillingar. Barnehage og skule har mangla pedagogar med godkjend utdanning samt i stillingar på Musikk- og kulturskulen.

Vi har gjennom året som har gått, hatt underbemanning i leiarstillingar som oppvekstsjef og rektor. Vi fekk naudsynte stillingar på plass frå 1.8.2011.

Regionalt samarbeid

Det er eit godt samarbeid mellom dei seks kommunane i Hallingdal innan fagfelte kultur og oppvekst. Vi har starta samarbeid om felles IKT-løysing og kvalitetsarbeid i grunnskulen.

Vi samarbeider med Gol, Nes og Flå når det gjeld Pedagogisk Psykologisk Teneste og vaksenopplæringa. Vaksenopplæringa gjeld både opplæring for framandspråklege og opplæring etter opplæringslova §4 for ungdom og vaksne. Vi utnyttar kapasiteten ved å leggje til rette for større undervisningsgrupper.

Barnehageansvarlege i Hallingdal har teke utdanning gjennom fylkesmannen i « Tilsyn og kvalitet» Det samarbeidet ar resultert i ein felles tilsynsplan for barnehagane i Hallingdal

Politikk

Hovudutval for Livsløp er etaten sitt fagutval. Utvalet har behandla 19 saker samt 6 saker til orientering i 2011 for Kultur og oppvekst.

Helse- og omsorgsjef og oppvekstsjef har delt sekretærfunksjon for Hovudutval for Livsløp. Etaten legg fram saker til formannskapet og kommunestyret.

OPPNÅDDE MÅL INNAN KULTUR OG OPPVEKST

Folkebiblioteket

- Høgt utlån og godt besøk
- Start Livslang læring/Studieromprosjekt - eit samarbeid mellom hallingdalsbiblioteka, Buskerud fylkesbibliotek og Hallingdal karrieresenter.

Fritidsklubben

- På **ungdomsklubben** er svært få tilfelle av konflikhtar, og ingen handfaste tilfelle av rus. Vaksne ser eit bra samhald på tvers av klassetrinna på klubben, veldig lite mobbing.
- Ungdomen er engasjerte i drifta av klubben. Det er satt i sving klubbkrets der klubbane i Hallingdal skal samarbeide om felles tilstellingar m.m. Ungdommen er inkludert og sit i styre i Hallingdal saman med vaksne.
- Det er no tilsett tre tilkallingsvaktar på ungdomsklubben som alle er genuint engasjerte i arbeid med ungdomen og er veldig aktive på jobb. Det er innarbeida ein arbeidskultur der dei tilsette er aktive på jobb, er saman med ungdomen og skal stimulere til betre samhald, stemning og lek.
- Besøkstalet er varierende avhengig av andre fritidssyslar som til dømes kveldskjøring i skianlegget, sport og andre arrangement. Besøket ligg mellom 30 og 40 ungdommar på fredagar, på onsdagar om lag halvparten. Besøkstalet er veldig bra samanlikna med andre fritidsklubber/ungdomskaféar og liknande tilbod i dalen.
- **Hemsedal Ungdomsråd** - Nokre av medlemmane er skifta ut og det har vore stor interesse for å melde seg til val på HBU. Dette tydar på engasjerte ungdomar.
- Rådsmedlemmane har gjennomgått meir opplæring, vore på lærerike konferansar og artige tilstellingar. Dei aktive ungdomane synest det er moro å jobbe med rådet og tek initiativ i veldig høg grad.
- Rådet har planlagt og gjennomført eit stort og vellykka arrangement i Hemsedal for all ungdom i Hallingdal og vore engasjerte i lokalpolitikken.

Musikk- og kulturskulen

Vårsemesteret 2011

I heile vårsemesteret jobba vi med Estlandsprosjektet. Vi førebudde besøket frå venskapskommunen Törva. 30 elevar og fleire vaksne kom på gjensitt ei heil veke i mars. I samband med det arrangerte kulturskulen ei kulturveke. Kulturveka inneheldt konsertar, «workshops» og mange forskjellige aktivitetar, både for og med dei i prosjektet og for bygdefolk/turistar/andre i Hallingdal. Det var ei svært vellukka veke. Det vart lagt ned mykje arbeid av både lærarar, elevar og ikkje minst foreldre/føresette. Vi vart sponsa av mange, og hadde søkt om prosjektmidlar frå fleire stader. Også kommunen var med og ga oss midlar til å gjennomføre dette prosjektet.

Prosjektet var med på å styrke samhaldet mellom venskapskommunane.


Hautsemesteret 2011

På hausten jobba vi oss fram mot konserten vi skulle ha i november, «Tilbake til 60-talet». Det vart ein flott konsert, der dei fleste av elevane våre var med. Alle som ville, fekk tilbod om å vere med.

Prosjekt-songgruppa for 1.-5. klasse vart vidareført i 2011. Ved slutten av haustsemesteret hadde vi nærare 25 elevar med i koret, som elles har fått namnet Hemsedal barnekor.

I 2011 hadde vi tilbod om opplæring i ymse instrument, og i kor, dans og drama. I tillegg sel vi timar til skulen på Ulsåk og til Bygdaheimen.

Hausten 2011 hadde vi rekordmange elevar i musikk- og kulturskulen. Det at vi har tre dansegrupper, ei dramagruppe og eit kor gjer at vi har kunna gje plass til mange.



Kvart år held vi fleire små, uformelle huskonsertar, og vi har verkstadkveldar for elevane våre.

Hausten 2010 vart det sett ned ei gruppe som skulle sjå på oppgradering/opprusting av kultursalen og nærliggande område, og sjå på mogelegheitene for å flytte musikk- og kulturskulen ned på kommunehuset. Dette arbeidet er gjort, og vi har eit kostnadsoverslag. Avgjerda for igangsetjing vart sett på vent. Kommunestyret gjekk ikkje inn for utbetring av forholda hausten 2011.

Kultur generelt

- Kulturmeldinga 2011 seier litt om status og kva utfordringar vi har. Meldinga gjev oss eit raskt overblikk over kor stort og allsidig kulturområdet er.
- I samarbeid med Samhald ungdomslag vart Hemsedal kino digitalisert i 2011. Hemsedal kommune ytte eit stort tilskot til lydanlegg og lerret.
- Ulsåk skule fekk tildelt kr 200.000 i spelemidlar til ballbinge i 2011.
- Det vart utdelt til saman 542.000 kr i kulturmidlar til ulike lag og organisasjonar i 2011. Kulturprisen 2011 vart delt ut til Sebjørg Marie Jordheim
- Det vart arrangert Haustfest for godt vaksne på Hugnadheim, med underhaldning, 3 retters middag og dans til trekkspelklubben etterpå. Triveleg arrangement med 88 gjester. Det er eit positivt tiltak som bør vidareførast. Det var eit aamarbeid mellom kultur, helse og sosial, HBU og frivilligsentralen.
- I samarbeid med Helse og sosial har vi etablert eit filmtilbod for godt vaksne, «Den kulturelle spaserstokk». Det vart i 2011 arrangert 8 førestellingar med ca. 10 – 20 deltakarar kvar gong. Eit sosialt tiltak med innlagt kaffipause. Her bidreg også Frivilligsentralen. Det er også eit positivt tiltak som bør vidareførast.
- Stort dugnadsarbeid frå privatpersonar, lag og organisasjonar for å ta vare på kulturarven og deltaking i samband med mange arrangement i 2011.




Barnehagen

- Nye barnehageavdelingar: Det er ny avdeling Veslehødn på Ulsåk. Ny modulbarnehage på Skadvin, avdeling Nøse.
- Felles lyft: Barnehagane er godt i gang med "Felles lyft – Hallingdal".
- Tuv barnehage avdeling Steget på Skadvin: Verandadør er bytt, og vindaugene har vorte etterisolerte.
- Begrepsundervisning: Både Ulsåk og Tuv barnehagar har byrja å ta i bruk dette som pedagogisk verktøy.
- Miljøsertifisering: Begge barnehagane er no sertifiserte.
- Menn i barnehagen: Det er tilsett to menn i Ulsåk barnehage.
- Det er kjøpt inn nytt uteskur til avdeling Totten på Ulsåk, og dette har gjort at det er frigjort meir leikeareal inne (lukka avvik).
- Uteleikeplassen ved Ulsåk barnehage er rusta opp på uteområdet mellom skule og barnehage

Grunnskulen

Leksehjelp og SFO. Hemsedal sin andel av elevar med leksehjelp har vorte lagt merke til på fylkes- og landsnivå. Dette grunnast at bussen køyrer etter at leksehjelp er gjennomført måndagar. Denne dagen er det 100% deltaking på leksehjelp. Pedagogen i klassen er ansvarleg.

Vi har ingen elevar på SFO denne timen. Alle tilsette deltek med leksehjelp. Vi har samanlikna med andre kommunar i Buskerud, liten prosentdel med full plass på SFO.



Dette heng truleg saman med at onsdag er skulefri dag for 1.-4. årstrinn.

Oppnådde mål:

Lydfargemetoden, eit mykje nyttig hjelpemiddel i lese- og skriveopplæringa for born med dysleksi, er teke i bruk i 2011. Lærarar ved kvar av skulane i Hemsedal, har vore på kurs for å lære metoden. Metoden har gjeve gode resultat.

Ressursteam innan spesialpedagogikk er oppretta. Alle skulane og barnehagane deltek saman med helsestasjon. Psykisk helse og barnevern vert kalla inn etter behov. Ressursteamet si oppgåve vert å samordne kartleggingsmateriell som skal brukast, diskutere og rådgje i saker før ein eventuelt melder til PPT. Årshjul vert laga til hjelp for alle etatar. Hemsedal kommune sit inne med samla stor kompetanse som vi gjennom Ressursteamet kan nyttiggjere.

Kurs/etterutdanning innan IKT:

Det har i haust vore gjennomført kurs innan Office 2010; word for alle tilsette og i excel for administrativt tilsette, mattelærarar på HBU og for leiargruppa innan oppvekstsektoren.

Hemsedal barne- og ungdomsskule

Indikator og nøkkeltall	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12
Talet på elevar					
GSI okt 2011	171	182	187	184	195

Pedagogisk:

- For skuleåret 2011-2012 er det tilsett ein spesial-pedagogisk koordinator og ei spesial-pedagogisk gruppe som tek seg av eit stort behov for tilpassa opplæring. Skulen er dette skuleåret bemanna opp med spesialpedagogiske timar jf. krava i sakkunnig vurdering, anbefalt frå PPT.
- SOL-prosjektet (systematisk observasjon av lesing). Eit verktøy for leseutvikling. Skulen har for skuleåra 2009-2010, 2010-2011 og 2011-2012 tre lærarar tilknytt dette opplegget.
- «Inn på tunet» er eit svært vellukka tiltak og vert vidareført i 2011-2012. Tiltaket knyter saman teori og praktisk læring.
- Nasjonale prøver, resultata vart slik:

5. tr. regning:	skole: 1,6	Fylke: 2,0	Nasjon: 2,0
5. tr. lesing:	skole: 1,7	Fylke: 2,0	Nasjon: 2,0
8. tr. regning:	skole: 3,3	Fylke: 3,1	Nasjon: 3,1
8. tr. lesing:	skole: 3,2	Fylke: 3,2	Nasjon: 3,1
9. tr. regning:	skole: 3,8	Fylke: 3,4	Nasjon: 3,4
9. tr. lesing:	skole: 3,8	Fylke: 3,5	Nasjon: 3,5

Elevane sine resultat på nasjonale prøver 5. trinn presenterast ved ein skala med tre meistringsnivå. Meistringsnivå 1 er lågast og 3 er høgast. Meistringsnivå på 8. og 9. trinn: Meistringsnivå 1 er lågast og 5 er høgast

Nasjonale prøver i engelsk for 5. og 8. trinn let seg diverre ikkje gjennomføra grunna problem med det nye skulenettverket til Hemsedal i dei tidsromma prøvene var tilgjengelege på nett. Driftsproblema låg i det regionale nettet (utanfor skulen sitt ansvarsområde).

Administrativt:

- HBU har vore pilot for IKT-skuleprosjektet sidan 1.8.11. Det er gjort ei rekkje systemtestar og feilvurderingar undervegs i prosjektet. Det har teke alt for lang tid med å få kontroll over dei tekniske løysingane. Skulen er pr. 13.1.2012 endå ikkje heilt i mål med val av teknologi for dataoverføring mellom server og maskinar.
- Nettverket er på plass og Hemsedalskulane har pr. i dag det raskaste og mest moderne nettverket i Hallingdal.
- Bærbare PCar er kjøpt inn til alle tre basane og til tilsette. Det betyr at maskinparken pr. 15.2.12 er topp moderne. Dei eldre (seks år gamle) stasjonære elevmaskinane er modne for utskifting. Skulen har om lag 40 slike maskinar.

- Konklusjonen er at i løpet av våren 2012 skal nettverk og maskinpark vera tilknytta det nye skuelnettverket som fyrste skule i Hallingdal.
- Nærvær for året 2011: 94,8 %. (Sjukefråvær: 5.2 %)
Sjukefråværet er fordelt slik: 1.1.11 - 31.7.11: 6,8 %
1.8.11 – 31.12.11: 3,4 %

Tuv skule

Indikator og nøkkeltall	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12
Talet på elevar	40	46	42	60	66
GSI okt 2011					

Pedagogisk:

- Skulen held fram samarbeidet med Andreas Hansen og arbeidet rundt begrepsundervisning (BU-modellen).

Administrativt:

- Skulen har hausten 2011/våren 2012 installert nytt datanettverk, både kabla og trådløst nettverk. Det meste er no oppe og går, men IKT Hallingdal har framleis ein del punkt igjen å utføre på Tuv.
- Nettverket er på plass og Hemsedalskulane har pr. i dag det raskaste og mest moderne nettverket i Hallingdal når det fungerer.
- 20 berbare PC'ar vart kjøpt inn til elevane. Det viste seg at med det nye nettverket kunne ikkje lærerane bruke dei PC'ane dei tidligare hadde og ni av elev-PC'ane vart difor brukt til å erstatte lærarane sine PC-behov. Vi har no elleve berbare PC'ar fordelt på elevane og det er behov for eit klassesett, dvs 20 maskinar.
- Skulen hadde branntilsyn og fekk ingen avvik. Risikovurderinga er utført og øvingar er gjennomført.
- Vernerunden er gjennomført og godkjent.

Ulså skule

Indikator og nøkkeltall	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12
Talet på elevar	70	62	54	60	54
GSI okt. 2011					

- Vi vidarefører språkprosjektet i regi av Øverby kompetansesenter, som starta hausten 2010. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt med Ulså barnehage. Tema er språk og kommunikasjon og er eit kompetansehevingsprogram for alle tilsette i skule og barnehage.
- I tillegg er vi med på språkprosjektet med assistanse frå Andreas Hansen, Statped Nord, skuleåret 2011/2012 Begrepsutviklingsarbeid vert vidareført i samarbeid med Tuv oppvekstsenter. Dette er kurs vi får kostnadsfritt frå Statped Nord då Tuv oppvekstsenter samarbeider med Andreas Hansen, Statped Nord, med erfaringsbasert forskning.
- 20 berbare PC'ar vart kjøpt inn til elevane. Nokre lærarpcar trong store omleggingar og tanking opp mot den nye serveren. Det var mykje nedetid – men no fungerer dette bra. I løpet av våren/hausten 2012 skal nettverk og maskinpark være tilknytta det nye skuelnettverket.

- Skulen hadde branntilsyn hausten 2011 og fekk nokre påpeika gamle avvik. Dei vart retta innan fristen. Risikovurdering og øvelsar er utført.
- Ballbingen som vart ferdig på eit par veker (takka vere foreldra), er "ei lykke" for heile oppvekstsenteret – men vi har ennå store utfordringar med å få til uteområdet best mogeleg for dei eldste borna.
- 50-års jubileum med to festførestellingar i fullsett gymsal.

AVVIK INNAN KULTUR OG OPPVEKST

Kultur og oppvekst generelt

Vakante stillingar

Oppvekstsjef hadde ansvar for etaten samt rektorjobben fram til 1.8.2011.

Mange oppgåver vart lagt på vent.

Sjukefråvær

Sjukefråvær i etaten i 2011: 7,7 % Til samanlikning var den på 5,5 % i 2010

Det har vore ei utfordring, særleg innan oppvekst, å få tilsett vikarar i sjukefråvær gjennom året.

Det har vore fleire langtidsjukemeldte. Vi ser for første tertial 2012 at trenden har snudd.

Økonomi

Overforbruket for 2011 vart langt mindre enn venta jf tertialmeldingane. Overforbruket tilsvarar 446 832 kr. av eit budsjett på 44 597 000 kr.

Driftsoverskot på kr. 415 414 i 2011 innan barnehage, skuldast overføring frå barnehagen sine bundne fond. Dette medførte eit samla betre driftsresultat for kultur- og oppvekstetaten og reduserte overforbruket tilsvarande. Finansiering av modulbarnehagen må difor lånefinansierast .

Grunnskulen spesielt

Store vanskar med IKT dette året på grunn av skuleprosjektet der Hemsedal var pilotkommune.

Det har ført til stort meirarbeid og frustrasjon på alle skulane. Dette skuldast også vanskar med gjennomføring av nasjonale prøver.

Det har vore vanskeleg å leggje til rette for godt undervisningstilbod då vi manglar rom på to av skulane.

«Inn på tunet» er eit konsept som gir eksakt det nokre av elevane våre treng. Vi treng fleire pedagogar som kan fylle dette behovet der teori og praksis vert knytt saman. Vi leitar etter eigna lokale.

Tilsyn frå Fylkesmannen jf. opplæringslova §9-3 Elevane sitt psykososiale skolemiljø, vart gjennomført august 2011. Det vart funne nokre avvik.

Grunnskulen har ikkje hatt rutinar for handtering av §9 tidlegare. Rettleiar vart utarbeidd før tilsynet kom.

Det viser seg vanskeleg å gjennomføresymjeundervisning for elevane ved skulane i Hemsedal. Det er stort press på Gol ungdomsskule sitt symjeanlegg og vi får ikkje tid der. Dette skuleåret måtte Tuv skule køyre til Torpo. Stor transportkostnad noko som ikkje ligg i budsjettet må dekke dette. Mange timar går bort i transport til og frå. Ulsåk skule har ikkje klart å gjennomføre symjeundervisning og fyller dermed ikkje mål for faget. Skulane vil i framtida mangle sjåførar med minibuss-sertifikat. Dette vil medføre auka utgifter til leige av transport. Symjeundervisning krev to personar med livredningskurs tilstade i symjinga. Dette er også kostnader som må synleggjerast

i budsjettet for framtida.

Språket utgjør ein berebjelke i den kulturelle identiteten i alle kulturar. Det er fleire som vel bokmål i skulen no. Dette trur vi kan ha samanheng med lite fokus på dialektbruk i barnehage og skule. I tråd med regjeringa si målsetjing om å hindre at elevar endrar målføre, må barnehage og skule vere medvitne om korleis dei kan påverke og oppretthalde dialektbruken. Ei bevisstgjering om dialektbruk og målføre vil vera naudsynt.

Folkebiblioteket

- Utvikling av digitale tenester og kompetanseheving i høve til bruk og formidling av både konvensjonelle og digitale bibliotektilbod.
- Skulebiblioteka - bokinnkjøp og utvikling, serleg ved Tuv og Ulsåk.
- Igangsetjing av tiltaka i Språk- og leseplan for Hallingdal – skule, barnehage og helsestasjon.
- Vidareutvikling av Bok til alle-verksemda.
- Opphoping av arbeid.
- Overtid.

Musikk- og kulturskulen

- Manglar øvingsrom og kontorplass.

Kultur generelt

- Hemsedal kommune har inga kulturplan og kulturminneplan.

Ulsåk og Tuv barnehagar

- Avdeling Steget på Skadvin har gjennom §19 "veglear til miljøretta helsevern i skule og barnehagar" krav om ventilasjonsanlegg.
- Akustikkproblem i barnehagane.
- Ventilasjonsanlegg på Totten (Ulsåk barnehage) og Åne (Tuv barnehage) stoppar opp ved veldig låge temperaturar.

Hemsedal barne- og ungdomsskule

Manglande areal til kontorplass, møterom, grupperom og klasserom.

Tuv skule

- Nye ressurskrevjande tiltak skuleåret 2011-12. Utgiften haustsemestert 2011 vart dekt av frigjorte lønsmidlar til rektor våren 2011. SFO hadde fleire barn enn det var budsjettert med og dette ga høgare inntekter noko som dekte behov for bemanning på skulefritidsordninga.
- Vanskar med å ta ut avspaseringsdagar.
- Det vert mykje overtid og lite rom for pedagogisk utviklingsarbeid i rektorrolla
- Areal. Manglar grupperom, undervisningsrom, spesialrom, personaltoalett, garderobeplass etc
- Uteområdet. Utbetring har stått på planen i mange år.

Ulsåk skule

- På grunn av seniortiltak som kommunalt tilsette kunne inngå i 2011 samt tiltak ved fylte 55 år jf vedtak i K-styret 7.10.2010, har Ulsåk skule måtta dekke opp med vikar tilsvarende totalt 182.900 kr. Desse tiltaka vert ikkje kompensert men kjem som avvik i rekneskapen.
- 50.000 i tippemidlar står att til utbetaling. Dette viser seg som overforbruk i 2011.
- Vanskar med å ta ut avspaseringsdagar.

HELSE OG OMSORG

Alle menneskjer er ressurspersonar. – I Hemsedal vil vi ved utforming av tenestetilbod og ved tilrettelegging la enkeltmenneske få bruke sine ressursar på ein best mogleg måte ut i frå sine føresetnader. Slik kan dei oppleve livskvalitet basert på meistring, meining og livsglede

Helse og omsorg står ovanfor store endringar i åra framover. Fleire oppgåver skalgradvis over på kommunen gjennom samhandlingsreform. Samhandlingsreformen framhevar kommunen sitt ansvar for helsefremjande og førebyggjande tiltak. Kommunen må samarbeide med andre kommunar og spesialisthelsetenesta om oppgåver. I 2011 vart det vedteke ny helse- og omsorgslov, ny folkehelselov og ny nasjonal helseplan.

For å møte nye krav og utfordringar vart det våren 2011 ein gjennomgang på oppgåver og behov for endring i organisering av tenester mellom Helse- og omsorgsetaten og NAV. Det vart beslutta å opprette ei koordierande eiing med ansvar for rehabilitering og habilitering. Eiinga er kontaktledd mot spesialisthelsetenesta, og har ansvar for å koordinere tenester for personar med samansette behov. Eininga har og ansvar for kvalitets- og fagutvikling. Eininga består av 2,5 årsverk. 1 årsverk vart oppretta i samband med budsjett 2011. Dei andre stillingane kjem er intern omrokkingar. I tillegg har psykisk helse overtatt ansvar for rusomsorg. Denne eiininga er styrka med 0,5 årsverk. NAV har redusert talet på årsverk med 0,5.

For fleire tenesteområde er det stor etterspurnad for tenester frå turistar, tilreisande og sesongarbeidarar. Dette fører til auka belasting på tenestene. Dette gjeld spesielt legetenester, legevakt, fysioterapi og psykisk helse. Det er ei utfordring for ei lita kommune å ha tilstrekkeleg og rett kompetanse å tilby for personar med samansette behov. Det er og ei auke i tal på personar med rusproblem som har behov for oppfølging frå fleire tenester.

Det vil vere behov for fleire kvalifiserte personell i helse og omsorg. Det er viktig at vi er med aktivt for å betre rekruttering ved at vi frå fleire unge til å søkje seg inn på fagutdanningar innan helse og omsorg, men og å tilby læringsplassar, utøvingsplassar og sikre kompetanse ved vidare- og etterutdanning.

ØKONOMI


Det er ingen store avvik i Helse og omsorg. Avvik på lønsutgifter må sjåast i samanheng med refusjonar, tilskott til vidareutdanning og bruk av fond på prosjekt. Det har vore noko større lønsutbetaling og andre driftskostnader på legeteneste og legevakt enn budsjettert. På grunn av stort fødselstal har det og vore brukt meir ressursar på jordmorteneste. Basistilskott til legar og driftstilskott til fysioterapi har og vore høgare enn budsjettert.

GENERELT

Bemanning gjennom året

Tabell frå tilstandsrapport i Buskerud 2011 – fagdekking innan pleie og omsorg.

Andel årsverk i brukerretnede tjenester m/fagutdanning



Det er god fagdekning og kompetanse i etaten. På grunn av utdanningspermisjon har kommunen i 2011 hatt i vikarstilling ein psykolog.

Det er ein stabil arbeidstokk, og det har vore lett å rekruttere til stillingar innan etaten. Det har og vore god tilgang på tilkallingsvikarar og ferievikarar. I dei næraste åra er det behov med for å rekruttere nye helsefagarbeidarar då det i pleie og omsorg er fleire arbeidstakarar over 60 år. Det vil og bli behov å rekruttere tilsette med høgare utdanning.

Det er eit godt samarbeid om bruk av personalressursane på tvers av etatar og tenesteområde for å kunne gje eit godt tenestetilbod.

Grunna permisjon og sjukemelding har det vore redusert bemanning i fysioterapitenesta. Dette har ført til stor arbeidsbelastning og at ventelistene ikkje er blitt redusert.

Det er eit mål å redusere talet på uønskt deltid. Ved endring av grunnturnus og intern utlysing av stillingar hausten 2011 fekk dei fleste som ønskte seg opp i stilling høgare stillingsstorleik.

Det var ingen lærlingar i helse og omsorg i 2011. Det har vore fleire personar som har hatt praksisplass i kortare eller lengre tidsrom.

Vi er stolt av personalet i møtet med brukarane, pårørande og nytt personale, samt deira engasjement i jobben.

Kompetanseutvikling

- 1 tilsett ved psykisk helse er i ferd med å ta master i klinisk psykisk helsearbeid
- 1 tilsett ved helsestasjonen har tatt vidareutdanning i psykososialt arbeid for barn og unge
- 1 tilsett ved helsestasjonen har tatt master i psykososialt arbeid for barn og unge
- 2 tilsette tek vidareutdanning innan folkehelse
- 7 tilsette og tilkallingsvikarar er i gong med Helsefagarbeidarens ABC
- 15 tilsette er i gong med opplæring gjennom eldreomsorgens abc
- 3 hjelpepleiarar tek vidareutdanning innan rehabilitering
- 2 har tatt rettleiingsutdanning
- Jordmor har fått opplæring og starter opp med screening i Edinburg metoden. (The Edinburgh Postnatal Depression scale). En kartlegging og oppfølging ifht. psykisk helse hos gravide og barselkvinner.

Kurs:

Avansert hjerte og lungeredning er gjennomført for tilsette i heimesjukepleia og sjukeheimen. Det er gjennomført 2 dagars kurs i saksbehandling etter ny helse og omsorgslov i saman med andre Hallingdalskommunane på Torpomoen. I tillegg har tilsette delteke på Fylkesmannen sine kurs og nettverksamlingar, og kurs som Utviklingssenteret for sjukeheimar i Buskerud har arrangert.

Kvalitetsarbeid

I Hallingdal skal det implementerast eit felles kvalitetssystem for heile kommunen. Dette var planlagt gjort 1 halvår 2011, men blir først sett i drift i 2012. Dette krev ressursar for å få det funksjonelt og godt system. Dette viktige arbeidet blir ofte utsett eller skyve på grunn av arbeidspress og andre nye oppgåver.

Gjennom gruppearbeid og e-læring jobbar helse- og omsorg med å gjere føresegner i lov, regelverk, rundskriv og interne rutinar kjent.

Det har vore jobba med å tilpasse vedtaksmalar og rutinar til nytt lovverk.

Tilsyn og revisjon

- Helsetilsyn- Tilsyn etter lov om sosiale tenester § 4-2 og 4-3
- Helsetilsyn- Tilsyn etter lov om sosiale teneste § 4A
- Fylkesmannen- Tilsyn etter lov om barnevernstenester og sosiale tenester
- Branntilsyn på Bygdaheimen
- Internrevisjon med legemiddelhandtering

Klage

Det var 2 klagesaker på omsorgsløn i 2011

Det var ingen klager på helsepersonell i 2011.

Kvalitetsindikatorar for Helse og omsorg

Tabell frå Statistisk sentralbyrå. (Ureviderte tall per 15.03.2012)

	Hemsedal			Kostragruppe 02	Buskerud	Lande t uten Oslo	Lande t
	2011	2010	2009	2011	2011	2011	2011
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,14	0,16	0,15	0,32	0,48	0,39	0,39
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,68	0,57	0,90	0,28	0,40	0,31	0,34
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	91,3	91,3	91,3	..	..	93,9	93,7
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	91,3	91,3	91,3	..	..	80,4	77,2
System for brukerundersøkelser i institusjon	Nei	Nei	Nei	..	..	..	..
System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten	Nei	Nei	Nei	..	..	..	..
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning		72	76	76	70	74	73
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning fra videregående skole	..	44	49	..	..	..	..
Andel årsverk i brukerrettede tjenester m/ fagutdanning fra høyskole/universitet	..	28	27	..	..	..	..
Andel legemeldt sykefravær av totalt antall kommunale årsverk i brukerrettet tjeneste	..	:	..	..	..	..	..

HMS arbeid

Etaten har eit høgt nærvær på 93,7 %. Det er noko lågare enn i 2010. Det er eit godt arbeidsmiljø etaten.

Etaten har eit eige ryggombod som hjelper til ved opplæring og bruk av tekniske hjelpemidlar.

Det er fleire personar som har seniorpolitiske tiltak.

På Bygdaheimen har dei tilsette eit eige treningsrom. Det er ei eige linedance gruppe som er open for alle tilsette i kommunen.

Auka bemanning ved Helsesenteret dei siste åra har ført til mangel på kontorplassar. Psykisk helse har fått kontor plass på kommunehuset som ei mellombels løysing. Det er viktig for fagmiljøet og effektiv tenesteytinga med størst mogleg samlokalisering av tenestene.

Beredskapsarbeid

Det er system for regelbunden brann- og evakueringsøvingar på Bygdaheimen.

Det manglar ROS analyser på ein rekkje områder. Det var eit mål og få gjennomført ein del ROS analysar i 2011, men implementering av nytt kvalitetssystem har blitt utsett til 2012.

Sorg og kriseteamet består av politi, prest og 3 ressurspersonar i kommunen. Sorg og kriseteamet har vore brukt som ressurs ved ein del større hendingar i 2011. Det er behov for at det blir gjort avklaringar på når sorg- og kriseteam skal rykke ut, og om det er behov for å auke kapasiteten for teamet.

Planar og prosjekt

- "LEK-prosjekt" som fokuserer på kommunikasjon / interaksjon med barnet gjennom fysisk lek og –samhandling blir gjennomført som tilbud i alle klassetrinn blir gjennomført både ved Ulsåk og Tuv oppvekstsenter
- Ernæringsprosjekt, palliativ og lindrande behandling i samarbeid med kommunane i Hallingdal og undervisningssjukeheimen.
- Godt samliv og ICDP blir gjennomført for foreldre i samarbeid med helsestasjon, psykisk helse og familievernkontoret
- Førebyggjande trening for eldre heimebuande.
- Hemsedal har fått prosjektmidlar til kommunalt rusarbeid og kommunepsykolog. Prosjekta kom ikkje i gong i 2011 og midlane er søkt vidareført til år 2012.

Førebels rapport for temaplan for Bygdaheimen for området rundt Bygdaheimen, kommunehus og helsesenteret er lagt fram for kommunestyret. Plassbehov for skule, musikk- og kulturskulen og planarbeid for kultursalen, samt konsekvensar av samhandlingsreformen og prosjekt lokalmedisinsk senter i Hallingdal, er viktige faktorar å ha med i det vidare planarbeid.

Etter vedtak i regionrådet har det våren og hausten gjennomført hovudprosjekt med 7 delprosjekt – Hallingdal lokalmedisinske senter, der 4 tilsette har sitte i dei ulike delprosjekta.

Regionalt samarbeid

- Samarbeid mellom Hallingdalskommunane og Ringerike Sjukehus HF - kompetanseutveksling mellom sjukehus og kommunar
- Samarbeidsutval mellom Hallingdalskommunane og Ringerike Sjukehus
- Lindrande behandling. – samarbeidsprosjekt i Hallingdal .
- Samarbeid med Hallingdalskommunane og Kommunanes opplæringskontor i Buskerud om lærlingar
- Samarbeidsavtale knytt til brannvern og tryggleiksjekk hjå brukarar i heimetenesta i kommunane i Hallingdal.
- Interkommunalt nettverk/fagmøter – psykisk helse, jordmor, Friskliv, helsesøster, kompetanseutval, helseleiarar .
- Interkommunalt samarbeid om IKT- løysingar.
- Prosjekt lokalmedisinsk senter
- Felles jordmorvakt i Nedre Hallingdal
- Felles legevakt med Gol, felles nattlegevakt i Hallingdal

Politikk

Hovudutval for Livsløp er etaten sitt hovudutval.

Klientutvalet er klageorgan etter lov om sosiale tjenester, lov om barnevernstjenester og kommunehelsetjenestelova.

MÅL OG RESULTATOPPNÅING

Hovudmål 2011 – Handlingsplan

- Sikre at det er rett kvalitet, kompetanse, ressursar og effektivitet i tenestene for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilbodet i takt med behov og krav.
- Ha fokus på brukarmedverknad og godt samspel mellom tenesteytar, tenestemottakar og pårørande
- Førebyggjande og helsefremjande perspektiv på tenestetilbodet, samt styrke og utvikle aktivitets- og kulturtilbod for å auke livskvaliteten for grupper som ikkje nyttar seg av dei ordinære tilboda
- Systematisk arbeid med ein god personalpolitikk for å ta vare på og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø, kompetanse, rekruttere samt redusere uønska deltid.
- Ha gode delplanar og handlingsplanar for aktuelle tenesteområde slik at desse blir gode arbeidsverktøy, og sørgje for at planar blir revidert i samsvar med samfunns- og tenesteutviklinga .

Oppnådde mål- handlingsplan 2011

- Ved at etaten har ein eigen kvalitets- og fagutviklar blir det arbeidd systematisk med kvalitetsforbetring, fagutvikling og internopplæring.
- Frå 2011 er trening på resept, treningskontakt og helsesamtaler etablert som ein fast ordning.
- Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering var i gong frå november 2011. Dei overtok alle oppgåvene frå NAV først i 2012. Det må og jobbast vidare med å utvikle fleirfagleg team for tildeling av tenester
- Det er gjennomført ei kompetansekartlegging og utarbeidd ein kompetanseplan for etaten. Fleire har delteke på kurs og vidareutdanning samt at det er gjennomført ei rekkje internt kurs og studiesirklar.
- Både legekontoret og pleie og omsorg har inngått avtale med Helsenett. Flå, Nes, Gol og Hemsedal har blitt einige om å oppgradere turnusplanleggingsverktøyet.
- Jordmor har gjennomført 1.gongskontroll og oppfølging innan fristen. Gjennom delar av året har jordmortenesta vore styrka ved at bruk av ledige vakansar.
- I samarbeid med eldreråd, pensjonistlaget, frivillighetsentralen, historielaget og ressurspersonar i kommunen har det vore arrangert kulturelle arrangement gjennom den kulturelle spaserstokken. Det er mellom anna etablert faste kinodagar, det var arrangert stølstur og haustfest.
- Det er etablert eit aktivitetstilbod gjennom fysioterapi for å førebygge fall og sekundærførebyggjande tiltak for personar med kroniske sjukdommar. Det er og etablert ei musikkterapigruppe ved sjukeheimen
- Det er etablert sansehage og område for fysisk aktivitet med treningsutstyr i uteområdet rundt Bygdaheimen. Dette må vidareutviklast i åra framover.
- Plan for legetenesta ved sjukeheim er revidert
- Planlagt frå 2012 omdisponering av rom til korttidsplass, avlastningsplass og lindrande behandling og behandling for alvorleg sjuke.

Avvik – handlingsplan

- Arbeid med å få på plass eit kvalitetssystem for etaten er ikkje ferdig. I og med at det er eit felles system for heile Hallingdal tek det tid å få systemet implementert.
- Det har ikkje vore tid til å jobbe med å få jobba med kvalitetsindikatorar, brukarundersøkingar og medarbeidarundersøkingar

- Ventelistene til fysioterapien er ikkje blitt redusert. Det har vore nytta ressursar frå pleie og omsorg. Det har vore vakanse i delar av fysioterapistillingane grunna permisjon og sjukemelding. Frå medio 2012 vil driftstilskott for privatpraktiserande fysioterapeut bli auka til 100 %
- Det må jobbast vidare med rammevilkår for legetenester og legevakt, jf kommuneplan
- Det er ikkje kome i stand ei intensjonsavtale med friviljuge lag og organisasjonar om vedlikehald av sansehage, utvikling av aktivitets- og kulturtiltak
- Det er beslutta at Hemsedal kommune ikkje kjem til å delta aktivt i rekrutteringspatrulje for Helsefagarbeider. Hallingdalskommunane vil heller sjå på andre tiltak for å rekruttere og behalde arbeidskraft gjennom kompetanseutvalet.
- Det må jobbast vidare med å opprette eit fast dagsentertilbod med gode aktivitetstiltak og tilstrekkeleg personale
- Det vart ikkje gjennomført ROS analyser på viktige områder. Dette blir eit viktig arbeid når kvalitetssystemet er på plass.

DEI ULIKE EININGANE I HELSE- OG OMSORGSETATEN

Heimetenesta

Heimetenesta tilbyr varierte og individuelt tilpassa tenester med høg fagleg standard til brukarane i Hemsedal kommune. Tenesteomfanget blir utforma etter brukarane sine behov for tenester til einkvar tid. Det er god fagdekning med sjukepleiarar, hjelpepleiarar og miljøarbeidarar/assistentar. Det er ein stabil arbeidstokk og godt med fast personell gir tryggleik og god kvalitet på tenestene. Det er ca 14 årsverk. Det må reknast med å bli ei auka behov for heimetenester i åra framover. Pasientar bli skrive tidlegare ut frå sjukehus og direkte til heim.

Heimetenesta har i 2011 organisert tenester med:

- Heimesjukepleie til 55 vidareførte og nye vedtak/brukarar
- Heimehjelp til 33 vidareførte og nye vedtak/brukarar
- Matombringing til 15 brukarar i løpet av året
- Tryggleiksalarm til 28 brukarar
- Omsorgslønn til 2 motakarar
- 12 omsorgsbustader /trygdebustader.
- 1 brukarar med dagplass på Bygdaheimen og 7 brukarar har heilpensjon.
- PU-brukarar

Heimetenesta hadde ingen vedtak om bruk av tvang etter sosialtenestelova §4a eller pasientrettighetslova §4a. Frå 2012 vil ansvar for avlasting i intitusjon for unge brukarar og miljøarbeid bli lagt til denne eininga.

Bygdaheimen



Tilbyr avlastnings- og rehabiliteringsopphald, andre korttidsopphald, tryggingsplassar, dag,- nattoffhald og langtidsopphald. Det er ein stabil arbeidstokk og godt med fast personell som gir tryggleik og god kvalitet på tenestene. Det er 15 bebuarar som har vedtak på langtidsplass. Det er fleire av plassane som blir nytta til korttidsplass og avlastningsplass. Det var totalt 7377 liggjedøgn og gjennomsnittsalderen er på 86 år. Det er totalt 22 årsverk inklusiv kjøkken og vaskeri.

Det er mange enkeltpersonar, lag og organisasjonar som kjem på besøk, underhald eller på annan måte bidreg til trivsel og glede for våre bebuarar på Bygdaheimen. Det er eit samarbeid med musikk og kulturskolen som kjem på Bygdaheimen kvar tysdag har allsong på Bygdaheimen. Barnehage og skule er ved jamne mellomrom på besøk. Tilsette i helse og omsorg har egne små prosjektgrupper som skapar aktivitet og hygge for bebuarar og besøkjande. I tillegg er det faggrupper som jobbar med bestemte oppgåver.

Dei som har hatt behov for korttidsplassar, rehabiliteringsplassar avlastingsplassar har fått plass ved behov. Dette viser seg i statistikk frå Ringerike sjukehus der ingen utskrivingsklare pasientar har blitt liggjande frå Hemsedal kommune. Styrkinga av fysioterapitenesta har ført til ei betre opptrening og rehabilitering. Det er og innarbeid trening 2 dagar i veka for bebuarane som er eit populært aktivitetstiltak.

Avvik

- Bruk dosepakk for medisinar på Bygdaheimen er ikkje etablert innan utgangen av året.

Helsestasjon

Helsestasjon omfattar av helsestasjonsteneste, jordmorteneste, skulehelseteneste, ungdomshelseteneste. Helsestasjonen har og eit koordinarande ansvar for tenester til asylmottak. Det er totalt 2.6 årsverk ved helsestasjon og 0.5 årsverk ved jordmortenesta.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta skal vere eit lågterskeltilbod for barn, unge og gravide i Hemsedal. Ein skal kunne kome med og uten avtale, og kunne få snakke med nokon for å kartlegge behov og følgjast opp på helsestasjonen eller henvisast til andre i systemet.

Jordmor

Har fått opplæring og starter opp med screening i Edinburg metoden. (The Edinburgh Postnatal Depression scale). En kartlegging og oppfølging ifht psykisk helse hos gravide og barselkvinner. Et samarbeid med bl a psykisk helse, legene og DPS på Ål.

Det er fortsatt mange gravide i forhold til folketalet 37 født i 2011, mot 39 i 2010, av busette i kommunen. Fødsler på mottaket: 4 fødsel i 2011, mot 14 i 2010, i tillegg er det oppfølging med gravide som reiser før dei føder.

Små barn

Dei siste åra med store fødselstal forplanter seg i oppfølgingen med mange konsultasjoner i 2 leveår og på 4 årskontroll. Stor inn og utflytting- fører til mange konsultasjoner for å kartlegge og få nye inn i systemet.

Helsestasjonen er med i opplæring- oppfølging ifht «Felles løft for tidlig innsats i Hallingdal». Prosjekt over flere år i samarbeid med barnehagene og barneskolene i Hallingdal. Språk- samspill- atferd.

Skulebarn

Det er viktig å være tilstades på skulen så barn/ unge kan komme i kontakt med helsesøster. Det er store kull på skulen og det er ein auke i psykososiale problem.

Det er stor inn- og utflytting av barn, mange utanlandske barn, utanom mottaket som må kartleggjast og følgjast opp.

Nye pålegg: oppfølging av barn og overvekt og kjønnslemlestelse

Helsestasjon for ungdom

Åpningstid annenhver uke. Ungdom kommer når de har behov i og utenfor den åpningstida.

Reisevaksinering

I perioder er det mange som vil vaksinere seg.

Asylmottaket

Fortsatt mykje oppfølging med bebuarar på mottaket. Det har vore ei utfordring å få til gode effektive rutinar og samarbeidsformer for bebuarane på asylmottaket

Det har vore ein del ustabilitet i dei som har hatt ansvar på grunn av sjukemelding og permisjon.

Det har budd gjennomsnitt ca 50 barn på mottaket. Dette talet er mykje høgare enn det kommunen er forespeila. Det har ikkje vore så mange fødsler i 2011.

Mange har budd på på mottaket siden oppstart. Det er en stor belastning, og vi ser stor slitasje og økning ifht psykiske problemer. Dette har har og innverknad på barna.

Avvik

- Det er ikkje blitt avklart helseføretaket sitt ansvar for følgjeteneste for fødande og bakvakt for jordmor. Kva for konsekvensar dette vil få for økonomien, omfanget av tenesta og kva for avtaler som vil bli inngått er enno ikkje avklara.
- Det primærførebyggjande arbeidet og lågterskeltilbod må nedprioriterast på grunn av auke i barnetal.

Fysioterapi

Fysioterapitenesta har lokaler på Helsesenteret og Bygdaheimen. Fysioterapien består av totalt 2 årsverk og 50 % driftstilskot for fysioterapaut

Fysioterapien har ansvar for å søkje hjelpemidlar til pasienter. Det er eit samarbeid med vaktmeister om utkøyring, klargjering, vedlikehald og retur av hjelpemidlar. Det er eit samarbeid

med kjøkken/vaskeri om reinhald av hjelpemidlane.

Det er fortsatt eit stort behov for fysioterapi behandling i kommunen. Det har vore i omløp ca 163 pasientar frå 1/1-11 til 31.12.11, det tilsvarar 11,8 konsultasjonar pr. dag og 2372 behandlingar i året. 131 pasientar har vært i ein eller annan form for gruppeaktivitet. Starta opp med Mensendieck gruppe og artrosegruppe. Hovudtyngda av pasientane er i yrkesaktiv alder mellom 19- 67 år. I 2011 vart det starta opp fallforebyggjande gruppe for heimebuande over 65 år på Bygdaheimen. Desse har da styrketrening i ulik art to gonger i veka over ti veker.

For den oppvekslande generasjon er det viktig å prioritere og komme tidlig i gang med tiltak, både i forhold til ortopedisk men også overvekt. Det er ei auka pågang av barn med samansette behov med henvisning frå PPT/BUP

Avvik

Det har vore redusert bemanning i delar av året grunna permisjon og sjukmelding. Dette har ført til at det har blitt stort arbeidspress og nedprioriteringar av fleire oppgåver. Dette gjeld aktivitet og oppfølging på bygdaheimen, skulehelsetenesten og helsestasjon. Det har vore vanskelig å få tid til faglig oppdatering.

Ventelista har auka i 2011. Det er lang ventetid på fysikalsk behandling. Pasientar som elles skulle vore prioritert må stå på ventelista som f.eks. ny opererte, sjukmeldte, gravide, kronisk sjuke, nakke- skulder problematikk

Friskliv

Det er 100 % stilling som er delt på to, 70 % og 30 % stilling til gjennomføring av helsesamtaler, treningskontakt, individuell trening og gruppetrening. Friskliv har fått gjennomføringsmidlar frå Fylkeskommunen. Frisklivskoordinator er pådrivar og i gangsetter av førebyggjande- og folkehelsetiltak i form av midtimeaktivitet, arrangere turar i form av verdens aktivitesdag, varmt måltid i barnehagane i samarbeid med helsestasjon. Det er følgjande aktivitetstilbod; friskliv step og styrke, gå gruppe, styrketrening og spinning. Hausten 2011 starta vi opp ein basseng gruppe til varmtvannsbassenget på Nesbyen Elverhøy i samarbeid med Helselaget, Reumatikar forbundet lokalt, LHL og Frivilligsentralen for alle innbyggjarane i Hemsedal med behov for varmtvatns behandling. Det har vore engasjert 5 treningskontaktar aktive med brukarar. Det var mellom 30 og 35 nye aktive reseptar i tillegg til ein del brukarar frå året før som fortsatt har behov for oppfølging. Overvektproblematikk kjem meir inn i biltete og er ein helsetilstand som krevjar mykje oppfølging og tett oppfølging for å få brukarane til å halde oppe motivasjonen

Psykisk helse

Psykisk helse er eit lågterskeltilbod og eit behandlingstilbud for personer med psykiske vansker, i alle aldre. Tenesten har også fått overført ansvar for rusomsorga i kommunen, frå NAV. Det er totalt 3,5 årsverk.

Det er ei auka klienttilstrømming både vaksne og barn / ungdom. Psykisk helse får dermed ikkje jobba så mykje med førebyggjande arbeid som ønskt. Det er ei auke i tal på personar med psykiske lidingar også med rusproblem, som treng tett oppfølging og miljøarbeidarteneste.

Utfordringane knytt til tilbodet på DPS (Distrikts psykiatrisk senter), Ål (vakansar, nedleggelse av

lågterskeltilbod, nedleggelse av døgnavdeling) har ført til ekstra belastning for den kommunale psykisk helsetenesten. Fagleiar ved tenesta har delteke i prosjektgruppe ifb utvikling av lokalmedisinsk senter, innan område psykisk helse og rus.

Avvik

- I samarbeid med Gol vart det søkt om midlar til kommunepsykolog. På grunn av den økonomiske stoda vart ikkje prosjektet starta som planlagt i 2010. Prosjektet er blitt stoppa intil vidare fordi ein i Hallingdal vil evaluere liknade prosjekt, og så behovet opp mot utvikling av LMS og ny lovgivning.
- Prosjekt med ambulant team i samarbeid med andre kommunar i regionen og spesialisthelsetenesta vart skrinlagt.
- Dagsenter for psykisk helse har ikkje fått etablert seg i egna lokalar
- Mange henvisningar frå lege for personar på Hemsedal statlige mottak, utan at det har medført auke i stillingar, eller fleire ressursar.

Legeteneste, legevakt og miljøretta helsevern

Det er 3 legar med fastlegeavtale.

Arbeidsbelastninga for legetenesta er sesongbetont. Skisesongen er spesiell med stor aktivitet, og det er behov for utvida legevakt i vintersesongen og det er behov for ekstrapersonell for å få gjennomført legevakt. Dei siste åra er tendensen at det blir fleire som nyttar seg av legevakt. Legekontoret er blitt tilknytta helsenett i 2010.

Det er eit samarbeid med eigen legevaktsentral (LVsentralen) og nattevaktsentralen på Ål for heile Hallingdal.

Avvik

- avtale om felles legevakt med Gol kommune vart ikkje revidert.

Miljøretta helsevern i Hallingdal

Det er 100 % stilling i Hallingdal. Gol er vertskommune for det interkommunale samarbeidstiltaket. Kommuneoverlegen er med i den faglege styringsgruppa.

NAV

Ved NAV-kontoret blir det forvalta både kommunale og statlege tenester og kontoret har både kommunalt og statleg tilsette. NAV sine kommunale tenester har ikkje vore organisert under nokon etat i kommunen, men blei i 2011 organisert under helse og omsorgsetaten. Leiar ved kontoret har i tillegg direktøren for NAV Buskerud som sin overordna og arbeidsgiver.

Dei kommunale tenestene som forvalta av NAV kontoret i Hemsedal har i 2011 vært: økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet, gjeldsrådgivning, flyktningearbeid, rus, støttekontakt/avlastning for menneske med nedsett funksjonsevne, BPA, følgjekort og parkeringsløyve for funksjonshemma, TT-kort, husbanken sine bustønadordningar. Frå årsskiftet 2012 vil alle kommunale arbeidsoppgåver knytt til oppfølging av brukarar med rusproblematikk eller med nedsett funksjonsevne bli flytt ut av NAV kontoret og til psykisk helsevern og koordinerende eining. I tillegg forvalta alle dei statlege ordningane som tidligare låg inn under arbeidsetaten og trygdeetaten av NAV kontoret.

Denne årsmeldinga tek berre for seg rapportering i forhold til dei kommunale tenestene i NAV-kontoret.

Avvik:

- Utbetaling av økonomisk sosialhjelp har stabilisert seg og ligg på ca same nivå som 2010. Dette er likevel ein meirforbruk i forhold til budsjettet.
- Det har vore ei auke i kostnader til direkte brukerretta oppgaver/avlastning etter lov om sosiale tenester. Dette er lovpålagte tenester.
- Det har vore noko mindre kostnader til introduksjonsordninga enn budsjettert. Dette gjeld lønnsutgifter til flyktningar som har rett og plikt til å delta på introduksjonsprogrammet. Bakgrunn for avviket er at færre flyktningar har delteke enn det var budsjettert med.
- Det er brukt ressursar på sysselsettingstiltak som det ikkje er sett av midlar til i budsjettet. Dette er lovpålagte tenester.
- Det er budsjettert med statlige overføringer på kr 173 333,- til kvalifiseringsordningen. Dette er ikke lenger øyremarka midlar og vartfrå og med inneverende år overført kommunen gjennom rammetilskot.
- Det er innvilga vedtak om BPA som det ikkje var budsjettert med. Dette har medført ei stor ekstrautgift for kommunen

Måloppnåing:

Mål for 2011 har blitt løyst på følgjande måte:

- NAV Hemsedal har formidla ledige jobbar, framskaffa tiltaksplassar for menneske som av ein eller anna grunn har falt utanfor arbeidslivet, samt fått nokon av våre brukarar med redusert arbeidsevne over på varige statlege ytingar. 2011 har vore eit år med ein betydeleg høgare arbeidsløyse enn normalt. Fleire av våre innbyggjarar har mista jobben eller vore permitterte. Det har ikkje vore nok ledige jobbar eller tiltaksplassar til alle disse. Heller ikkje alle har opparbeida seg rett til dagpengar, og har levd av økonomisk sosialhjelp.
- Det har vært eit godt samarbeide mellom turistkontoret, nav og kommuna for å arbeide for å få fleire heilårs arbeidsplassar i bygda. Vi har etablert eit felles prosjekt som heiter Heilårsarbeidsplassar kor det har blitt satt fokus på å kunne tilby innbyggjarane arbeid heile året, samt å skaffe nok tiltaksplassar for dei som i periodar av ulike årsakar er ute av arbeidslivet. Vi har sett at arbeidsløysa har endra seg til det betre utover året og meiner at prosjektet har hatt effekt.
- Vi busette i 2010 to flyktningefamiliar, og har no 23 busette flyktningar i kommunen. Det er ressurskrevjande å etablere og integrere flyktningar, og ofte ekstra ressurskrevjande å busette overføringsflyktningar. NAV har avsett ein 50% stilling til dette arbeidet. Dette er ressursar nok til å gjere det mest naudsynte i forhold til desse brukarane, men strekk ikkje til dersom man ynskjer å yte noko ekstra utover dette. Det har vert spesielt utfordrande å finne språkpraksisplassar.

HALLINGDAL BARNEVERN

Barnevernstenestene i Hallingdal vart slått saman med verknad frå 1. januar 2011. Tenestene er organisert som administrativ verskommunemodell med Ål som vertskommune. Under er rekneskapen for Hallingdal barnevernsteneste med fordelinga mellom kommunane teke inn. Denne viser at Hemsedal kommune brukt kr. 372.677 meir enn budsjettert. Hemsedal har et vesentlig merforbruk på tiltak utenfor hjemmet, men har brukt mindre enn budsjett på tiltak innenfor hjemmet.

- 01.01.11 hadde Hemsedal: 3 barn med omsorgstiltak og 13 barn med hjelpetiltak.
- 30.09.11 hadde Hemsedal: 3 barn med omsorgstiltak og 14 barn med *hjelpetiltak*.
- 31.12.11 hadde Hemsedal: 5 barn med omsorgstiltak og 15 barn med hjelpetiltak.




Kommunetabell – Hallingdal barnevernteneste pr. 30.12.2011.

Prosjekt		Tjeneste 2441 Barnevernteneste	Tjeneste 2441 Kjøp tenester advokat / psykolog	Tjeneste 2511 Barnevernstiltak i hjemmet	Tjeneste 2521 Barnevernstiltak utenfor hjemmet	Sum
401	Regnskap	3 296 584	267 168	1 151 387	3 808 874	8 523 973
Ål	Budsjett	3 700 000	260 000	550 000	4 330 000	8 840 000
	<i>Avvik</i>	<i>403 416</i>	<i>-7 168</i>	<i>-601 387</i>	<i>521 126</i>	<i>315 987</i>
402	Regnskap	2 855 568	688 509	1 036 109	4 722 553	9 302 777
Hol	Budsjett	3 200 000	230 000	550 000	4 490 000	8 470 000
	<i>Avvik</i>	<i>344 432</i>	<i>-458 509</i>	<i>-486 109</i>	<i>-232 553</i>	<i>-832 739</i>
403	Regnskap	2 557 900	427 621	929 135	2 557 573	6 472 230
Gol	Budsjett	2 900 000	210 000	742 000	2 100 000	5 952 000
	<i>Avvik</i>	<i>342 100</i>	<i>-217 621</i>	<i>-187 135</i>	<i>-457 573</i>	<i>-520 229</i>
404	Regnskap	1 411 255	198 661	728 230	1 644 531	3 982 677
Hemsedal	Budsjett	1 600 000	110 000	900 000	1 000 000	3 610 000
	<i>Avvik</i>	<i>188 745</i>	<i>-88 661</i>	<i>171 770</i>	<i>-644 531</i>	<i>-372 677</i>
405	Regnskap	1 852 272	232 136	112 449	2 420 004	4 616 862
Nesbyen	Budsjett	2 100 000	150 000	1 403 000	4 450 000	8 103 000
	<i>Avvik</i>	<i>247 728</i>	<i>-82 136</i>	<i>1 290 551</i>	<i>2 029 996</i>	<i>3 486 139</i>
406	Regnskap	529 221	109 832	11 682	1 022 379	1 673 114
Flå	Budsjett	600 000	40 000	423 000	662 000	1 725 000
	<i>Avvik</i>	<i>70 779</i>	<i>-69 832</i>	<i>411 318</i>	<i>-360 379</i>	<i>51 886</i>
Sum	Regnskap	12 502 800	1 923 927	3 968 992	16 175 914	34 571 633
	Budsjett	14 100 000	1 000 000	4 568 000	17 032 000	36 700 000
	<i>Avvik</i>	<i>1 597 200</i>	<i>-923 927</i>	<i>599 008</i>	<i>856 086</i>	<i>2 128 367</i>

TEKNISK ETAT

INNLEIING

Organisering og funksjon



Teknisk etat har ansvar for eit vidt spekter av fagområder som er avgjerande for ein samla samfunns- og næringsutvikling. Gjennom året har eigedomsavdelinga vorte lagt til teknisk etat, slik at ein har 2 sjølvstendige avd. – eigedom (13,84 årsverk) og drift (6 årsverk) med eige økonomi og personalansvar.

Bemanning gjennom Året - HMS

Etaten har god kompetanse, og dekkjer i hovudsak alle fagfelt etaten har ansvar for. Etaten har grunna omsorgspermisjon hatt noko redusert kapasitet på oppmålingstenester. Stort arbeidspress har gjort at fleire av dei tilsette har fått andre, og nye oppgåver. Dette har gått noko på bekostning av resultatopptrekk på ein skilde resultatområde. Generelt kan ein seie at manglande ressursar gjer at den enkelte føler press i kvardagen – det er ingen vikarar eller backup- løysning, noko som gjer eit mentalt press. Sjukefråværet er lågt.

Medarbeidar som ressurs

Rekruttering, men også halde på dei tilsette er framleis ei utfordring. Nær sagt alle tilsette innehar attraktiv arbeidskompetanse og er ettertrakta. Ein har difor lagt stor vekt på fagleg- og sosial utvikling. Etaten har arrangert felles studietur, men også felles sosiale aktivitetar for etaten. Ein har vore oppteken av å treffe kommuneleiiing på "konkurrerende" destinasjonar og har i den samanheng besøkt Voss kommune og utbyggingsmiljø i Myrkdalen.

Regionalt arbeid

Etaten har som tidlegare år vore sterkt delaktig i regionalt arbeid, samla 440 timar.

Type prosjekt/ arbeid	Registrerte timar
Nettverkssamarbeid VA	60
Leiing KomTek / prosjekt slamtøming	120
Klimaplan for Valdres og Hallingdal	65
Nettverkssamarbeid landbruk/ Næring	30
Nettverk, plan- og byggesaksmøter	25
Arbeid med «Vatnområde Hallingdal»	90
Regionalt samarbeid FOBE-Eigedom	50


Politikk

Hovudutval for Plan og ressurs er etaten sitt politiske utval. Utvalet har behandla 110 saker, mot 104 i 2011 og 99 i 2009. Etaten legg i tillegg fram ei rekkje saker for Formannskapet (t.d. investeringssakar, miljø- og næringssaker). I samband med kommuneplanarbeid følgjer også sekretærfunksjon for Kommuneplannemnda. Kommuneplannemnda har hatt 4 møter. Etaten har også sekretærfunksjon for grunnkjøpsnemnda..

Generelle avvik

Generelt kan ein seie at det ikkje er lett å tilsette nye personar ved sjukdom eller permisjon. I 2011 har ein lyst ut vikariat for oppmålingsingeniør og ledig stilling som byggjesakshandsamar. Fleire av fagstillingane har forvaltningsoppgåver utover ledige ressursar. Det er registrert om lag 65 dagar overtid (fleksitid) i 2011.


GENERELLE UTVIKLINGSTREKK



Generelt opplever ein framleis ringverknader av finanskrisa, sjølv om ikkje tala er eintydige. Tall byggjesøknader er ein god indikator på byggeaktiviteten i bygda. Også tall nye private reguleringsplanar er redusert. Ein har også merka noko mindre trykk på førespurnader om næringsareal og nyetableringar. Det er framleis eit stort trykk på spørsmål om

praktisering av "varme/ kalde sengspolitikk". Fleire, særskilt burettslaga har vore aktive og reist spørsmål om korleis ein kan kome seg bort frå krav om t.d. utleigeplikt - eit signal om at det er ubalanse i marknaden (tilbod og etterspurnad etter utleigesenger).


Antall megleroppgåver




Etterspurnaden etter nye bustadtomter er liten, men dette heng truleg saman med at marknaden er kjent med kva som finnes av frie bustadtomter, og at nye bustadfelt snart vert realisert. Etaten plikter å gje informasjon til eigedomsmeklarar i samband med sal av eigedom. Kommunen stadfester planstatus, bygningar, grenser, vatn- og avlaupsforhold og kommunale avgifter. Kommunen kontrollerer alle eigenerklæringskjema ved

konsesjonsfrie erverv i høve til deling av eigedom, og spørsmål om buplikt.

Typer megleroppgåver



Konsesjonsfrie overdragelser



TEKNISK ETAT – STAB

Bemanning

Samla bemanning utgjer 12,05 årsverk, - 2 årsverk på byggjesak, 2,7 årsverk på arealplan, 1,8 årsverk på oppmåling, 3,4 årsverk på landbruk, miljø og forureining, 2,1 årsverk på etatsleiar/sakshandsamar og prosjektarbeid.

Mål og resultatoppnåing i høve til handlingsplan

Gjennom året har det vore nedgang i antal byggesaker med ein merkbar nedgang mot slutten av året. På plan har det vore nedgang på antal private planforslag, noko som attspeglar seg i gebyrinntektene. Ressursbruken på plan har det siste året vore konsentrert om ferdigstilling av ei rekke private planar, samt oppstart og planarbeid av overordna planlegging / kommunale planar (eigen regi). Planlegging av bustadfelt er gjort ved hjelp av ekstern plankonsulent og med disponering av ressurs for intern planprosess som ligg utanfor årsverka for plan. Det er gjennomført grunnervvervsprosessar med erverv for bustadfelt Svøo III og bustadfelt Trøim Sør (Fiskum).

Byggesak, plan og grunnerv**Mål for året:**

- Utarbeide byggeskikkkrettleiar
- Ajourføre skiltvedtektene
- Ajourføre campingvedtekter
- Trafikktryggleiksplan revidering av handlingsprogrammet
- Klima- og energiplan for Hemsedal utarbeiding og vedtak.
- Ajourført digitalt planarkiv
- Ferdigstille arealdelen av kommuneplan.
- Utarbeide planforslag for områdeplan Holdebakken (Høyringsprosess)
- Starte opp planprosess for revisjon av kommunedelplan for Markegardslie - Lykkja
- Bustadfeltplanlegging (Svøo III og Trøim Sør – Fiskum)
- Løpande planprosessar og ferdigstilling av private planar.

Resultat:

- Byggeskikkkrettleiarer påstarta- ikkje ferdigstilt
- Skiltvedtekter - ajourhald er påstarta – ikkje ferdigstilt
- Trafikktryggleiksplan – revidert handlingsprogram vedteke.
- Klima og energiplan (kommunedelplan) for Hemsedal vedtatt.
- Ajourført digitalt planarkiv i tråd med lovverket (forskrift).
- Arealdelen av kommuneplan vedtatt
- Planstrategiarbeid- førebuing av arbeidet satt i gang
- Områdeplan Holdebakken - utarbeida ferdig planforslag for høyring med høyringsprosess
- Kommunedelplan Markegardslie – Lykkja oppstart innspel
- Ekstern plankonsulent for Trøim og Ulsåk sentrum – Anbodsprosses / val av leverandør
- Eigengodkjent reguleringsplan for Svøo III, oppstart planarbeid Trøim Sør
- 7 private reguleringsplanar er eigengodkjend i løpet av året og 8 planar under arbeid.
- Klagesaker på reguleringsplan 2 stk. (Tinden og Svøo III)
- Regional plan for Nordfjella -deltaking og lokal koordinering av planprosess
- Planavklaringsmøter med statleg myndigheit i samband med ferdigstilling av kommuneplan, inkl. planforumsmøter tilsvarande 12- 15 dagsverk.
- Grunnervvprosessar for bustadutvikling på Svøo og Trøim Sør er gjennomført

Kart og oppmåling**Mål:**


- A jour med eldre "midlertidige forretningar", innan frist 31.12.2012
- Digitalisering av kart
- Ivareta forvaltningsansvar av FKB- kartbase for Statens Kartverk. Dette gjeld basane Gardskart (AR5), Eigedom, Bygg og Pbl- tiltak og bygningsmessige tiltak. For vegsituasjon leverer kommunen endringsdata til Kartverket.
- Utarbeid adresseveggleiar
- Avslutte oppmåling/ arealavklaring i samband med grunnervv Grøndalsvegen

Resultat:

- Restanse på midlertidige kartforretningar er redusert frå 209 i 2010 til 67 ved utgangen av 2011. I 20 av sakene ventar ein på avklaring frå rekvirent. 38 av sakene er tomter i Storelia
- Alle planer er heva til Sosi 4.3. Framleis står att datatekniske feil i gamle planer.
- Behandlingstida for nye kartforretningar er korta inn
- Geovekstprosjekt ferdig: Nykonstruksjon av FKB tema: bygg, veg, gangveg, bygningsmessige

anlegg med meir. I tillegg er store delar av kommunen laserscanna for å etablere 1m koter. Data er mottatt og er tatt i bruk sammen med ortofoto brukt til nykonstruksjonen. Det står framleis att retting i dei konstruerte datasetta, spesielt på bygg og veg.

- Ivareteke forvaltningsansvar av FKB- kartbase for Statens Kartverk
- Utarbeida adressevegleiar.
- Avslutta oppmåling og arealavklaring grunnnervv langs Grøndalsvegen
- Oppmåling og frådeling i samband med kjøp av Båstø og Svøo III




Tabellen viser sammenhengen mellom tall rekviderte saker og type behandling av sakene kvart år. Kvar rekvidert sak krev som regel ei kartforretning, - uavhengig av om det er utarbeidd midlertidig forretning for eigedomen eller ikkje. Ei midlertidig forretning er ikkje endeleg, men gir grunnlag for oppstart av til dømes ei byggesak, og opprettar eigedomen som panteobjekt. Fram til 01.01.2010 kunne ein eigedom opprettast ved registreringsbrev når grensene allereie var fastlagt, og fysisk oppmåling var då ikkje nødvendig. Summen av seksjoneringsaker, registreringsbrev, kartforretningar og midlertidig forretningar skal ideelt sett vera lik tal rekviderte saker, men ofte stoppar ei sak opp om ikkje rekvidert og nabo vert samde, eller regulert tomt ikkje passer med terreng.

Miljø og forureining

Mål:

- Halde oversikt over kasserte køyretøy og bistå med opprydding av dette og anna avfall
- Betre allmenn tilgjenge til Rjukandefossen
- Miljøfyrtårnsertifisering av kommunale verksemder
- Ferdigstille energi – og klimaplan
- Følgje opp regional plan «Vatnområde Hallingdal»
- Ferdigstille avfallsplan for Hallingdal 2011 – 2014
- Organisere ny søknadsomgang for 3-årige motorferdselløyver i Hemsedal kommune
- Registrering/kartlegging av spredt hyttebebyggelse/avløp i Lykkja- Markegårdslia



- Rydde opp i avløpsproblematikken, saksbehandle avvik etter kartleggingen
- Oppfølging av tillatelser som er gitt (driftsavtaler, ferdigattest og innmelding til tømmeordning samt følge opp anlegg med feil/mangler – komtek)
- Tilsyn med større avløpsanlegg

Resultat:

- Alle registrerte meldingar om kasserte køyretøy er registrert og følgt opp
- Ajourført forvaltningsplan og gjennomført tiltak til fremje for friluftsområdet Rjukandefossen
- Barnehagar, skular, helsestasjon og bygdaheimen er snart ferdig med miljøfyrtårngodkjenning.
- Energi og klimaplan for Hemsedal kommune var ute på høyring desember 2011 og vart vedtatt i januar 2012
- Vedteke ny avfallsplan for Hallingdal 2011 – 2014
- Det er delt ut 25 nye 3-årige motorferdselløyper i Hemsedal 2012 -2014
- Registrering/kartlegging av spredt hyttebebyggelse/avløp er gjennomført i Lykkja-Markegårdslia. Saksbehandling etter kartleggingen – ulovlig etablert avløp har høy prioritet
- Arbeidet med opprydding av spredt avløp er krevjande med 0,6 årsverk til disp. Kvart avvik må saksbehandles separat.
- Det er rydda opp i dei fleste områder innenfor Lykkja – Markegårdsleie (samla 22 søknader om spreidde avløp – fleire gjeld fellesanlegg). De fleste områdeavgrensingene er satt og 5 rammeplaner er vedtatt. Nokon planer står att. Kommunen må ta initiativ/ presse frem arbeid med opprydding av spredde avløp
- Det har vorte jobba med å få til ein felles/-samordning av tilsyn med større avløpsanlegg i Hallingdal


Landbruk, vilt og næring**Mål:**

- Sikre aktive grunneigarar jordbruksareal, - redusere attgroing ved oppfølg. av driveplikta
- Ved bruksrasjonalisering finne gode løysningar på arealfordeling (makeskifte, jordleie/ eie)
- Optimal forvaltning av velferdsordningane til landbruket – sikre grunneigarane det dei har krav på gjennom jordbruksavtalen
- Auke bruken av statleg stønad (rentestønad til lån/ tilskot), og følgje opp ved generasjonsskifte
- Ferdigstille plan for beite- og kulturlandskap
- Utvikle verktoy til fremje for tilflytting og utvikling av bu-lyst
- Tilrettelegging av miljø for kunnskapsbaserte næringar
- Gjennomføre beiterregistreringar av vilt for å fastsette ønskja fellingsprosent og tiltak
- Stimulere til auka planting og forynging.
- Få på plass ein næringsplan


Resultat:

- Følgt opp kulturlandskapsprosjekt i samarbeid med Bondelag og Asylmottaket til fremje for kulturlandskap og integrering. Rydda 3 km stiger og ca. 22 dekar kulturlandskap
- Sikra eigedomsressursar for realisering av Friluftshøgskola v/ Båstø
- Følgt opp utbyggingssaker ovafor Innovasjon Noreg
- 18 dekar godkjent for nydyrking, samt forvaltning av kommunale tilskot
- Følgt opp nettbasert info- for tilflyttarar og sesongarbeidarar, samt hatt prosjektkoordinering av prosjekt «Heilårsarbeidsplass for sesongarbeidar»
- Det er registrert 10 verksemder/nyetablerarar som har søkt råd i samband med nyetablering eller vidareutvikling av verksemda. Hallingdal Etablerersenter har vorte kopla inn der det har vore naturleg

- Det var vore halde fellesmøte for entreprenørar, og 6 frukostmøter med sekr.ansvar
- Kommunen er deltakar i eit FOU- prosjekt «Suksessrike kommuner» - resultat 2012.
- Utarbeida utviklingsplan for industriområde – Svøo



Figur: Oversikt forvaltning av velferdsordningar i jordbruket – kr. x 1000 i 2011



Figur: Oversikt tall saker forvalta av velferdsordningane i jordbruket.

Avvik

- Det har ikkje vore ressursar til å gjere tilsyn innan byggjesak, utover å følgje opp bekymringsmeldingar. Det er heller ikkje kapasitet til å følgje opp
- Flomsonekartet har enno ikkje vorte levert frå NVE – grunna underbemanning i høve nasjonale naturkatastrofar
- Næringsutviklingsarbeidet vert ikkje følgt opp offensivt grunna kapasitetsproblem

EIGEDOM

Eigedom har eit totalt forvaltnings- og driftsansvar for all eigedomsmasse i kommunen. I eigedom ligg mellom anna reinhald- og vaktmesterfunksjon. Grensegangen mellom eigedom sitt ansvar og den einskile fagetat ligg i at eigedom er byggeigar og forvaltar, medan brukarane sjølv står for «møblering» og forvaltning av lettare inventar.

HMS og internkontroll

For små ressursar har ført til at eigedom kvart år må gjennomføre strenge prioriteringar. Dette inneber ei belastning for personalet, som vert kraftig forsterka i høve press frå ytre etatar. Det er stor trivsel i avd. men sjukefråværet har vore noko høgare enn normalt.

Mål

- Oppfylle alle krav frå eksterne tilsynsorgan
- Berekraftig ressursforvaltning (materielt og økonomisk).
- God og effektiv drift og organisering av vaktmeister og reinhaldstenestene.
- Tiltak til fremje for arbeidsmiljø og auka nærvær.

Resultat

- Utbetra slik at det ikkje er avvik på brannvarslingsanlegg, nødllys, ledelys. Alle tiltak som samla utgjør eit større beløp, er utbetra etter el. kontroll av fleire bygg. Fleire oppgåver er utført på bakgrunn av HMS og etter vernerunde.
- God attendemelding på organisering – Hemsedal som referansekommune vedr. org. av vaktmeister og reinhaldstenestene. 10 kommunar med 41 personar har vitja kommunen for å ta lærdom av Hemsedal sin organisering av tenestene.
- Gjennomført nærværprosjekt, med stønad frå KS



Av større vedlikehaldsoppgåver er følgjande gjennomført;

- Utsifting av kledning og vindaug syd vegg Ulså skule.
- Utsifting av fleire vindaug.
- Reparasjon av ventilasjonsanlegg HBU mm
- Påkopling til avløpsnett.

Avvik

- Grunna redusert økonomisk ramme har ein ikkje klart å følgje opp krav til årleg/fast serviceavtale på kontroll av elektriske anlegg.
- Fleire bygg er ikkje kopla til vatn og avløpsnett, jamføre krav/pålegg
- Fleire avvik på bakgrunn av HMS og vernerunde.
- Auka etterslep - fleire drifts- og vedlikehaldsavvik



- Fleire kommunale bustader står ledig. Det er spesielt frå kommunalt tilsette at etterspurnaden er redusert. Utleigebustadane er for like i storleik, noko som ikkje dekkjer etterspurnaden frå NAV/Barnevern (1 roms bustadar, alternativt større bustadar for familiar).

TEKNISK DRIFT

Teknisk drift har ansvaret for forvaltning, drift, vedlikehald og investeringar knytta til kommunale vegar, vassforsyning, avløpshandtering og avfallshandtering i Hemsedal.

Avdelinga hadde ved utgangen av 2011 besett 6,9 årsverk fordelt på avdelingsleiar, ein ingeniør, ein sakshandsamar og 3,9 årsverk på drift og vedlikehaldstenester.

HMS og internkontroll

Det er i 2011 registrert totalt 12 avvik. Innanfor vassforsyning dreiar dei fleste avvika seg om for høgt kimtall anten i råvatnet eller ute på ledningsnettet, men det har på grunn av store nedbørsmengder og flom også blitt registrert eit tilfelle av koliforme bakteriar i råvatnet både på Tuv og Krikken vassverk. Ved dette tilfellet var allereie reservebarriere (klor) satt i drift slik at vatnet ute hos den einskilde abonnement var hygienisk tryggjande. I perioden mai til august vart vatnet frå Krikken klorert, medan vatnet på Tuv klorerast heile året.

Innanfor avløp er dei fleste avvika knytta til problem med reinsing, ofte grunna mykje framandvatn på ledningsnettet og maskinhavari/pumpehavari.

Det har ikkje vorte registrert arbeidsulukker med personskade. Det er registrert eitt tilløp til arbeidsulukke utan personskade.



Tilsyn frå statlege tilsynsorgan

Mattilsynet har gjennomført revisjon av Krikken Vassverk med fokus på hygieniske barrierar og nedbørsfelt. Det vart ikkje avdekkja avvik.

I tillegg har Arbeidstilsynet gjennomført eit tilsyn der hovudfokuset var verneutstyr og tiltak for å redusere smitterisiko ved arbeid på kommunale renseanlegg. Det vart under tilsynet avdekkja eit avvik som vart retta opp innan fastsett frist.

Vassforsyning

Teknisk drift har ansvaret for forvaltning, drift, vedlikehald og investeringar knytta til den kommunale vassforsyninga i Hemsedal.

Ulsåk og Trøim inkl. Holdebakken vert forsynt frå Krikken Vassverk medan Tuv tettstad vert forsynt frå Tuv vassverk.


Både Krikken og Tuv vassverk er no godkjend etter drikkevassforkrifta (Krikken godkjent i 2010 og Tuv i 2011).

Hovudmål

Fylgje opp Hovudplan for vassforsyning og levere nok vatn, godt vatn og ha ei sikker og effektiv vassforsyning.

Tema	2011	2010	2009	2008
Produsert mengde vatn (m ³ x 1000)	353	400	392	396
Antall ledningsbrot	1	2	3	2
Berekna lekkasjeprosent (%)	25	25	34	35
Meldte avvik IK-system	7	8	7	4
Tot. driftskostn (inndir.+dir. x1000)	4 602	4 331	4 253	3 700
Inntekter (ekskl. rente x1000)	4 746	3 575	4 405	4 622
Kostnader energi (x1000 kr)	229	229	234	194
Kostnader kjemikalier (x1000 kr)	32	38	28	21
Økonomisk dekningsgrad (%)	103	83	104	125

Nøkkeltal



Av nøkkeltala er det verdt å merke seg at produsert mengde vatn har gått vesentleg ned på tross av at lekkasjeprosenten er den same. Dette betyr at vassforbruket samanlikna med 2011 har gått vesentleg ned noko som igjen vil påvirke inntektene for 2012.

Vasskvalitet og leveringssikkerhet – måloppnåelse

Krikken vassverk leverar vatn med god kvalitet, men på grunn av store nedbørsmengder har vatnet vorte klorert i perioden mai til begynninga september.

Tuv vassverk har stabil leveranse, men vasskvaliteten dei fire siste åra har vore varierende og ein har hatt lange periodar med bakteriar i råvatnet. Det er difor kontinuerleg klorering av vatnet på Tuv.

Vassleveransen har vore stabil og vi har kun hatt eit mindre brot i vassforsyninga som ikkje har vore planlagt. I tillegg har det vore to relativt store lekkasjar på det private vassleidningar.

Avvik

- Råvatn frå Tuv vassverk har ikkje tilfredstillande kvalitet
- Verksemda har ikkje tilfredstillande oversikt/kartgrunnlag over ledningsnett
- Arbeid med revisjon av hovudplan for vassforsyning er ikkje gjennomført

Avløp


Teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og investeringar knytta til Ulsåk, Tuv og Trøim renseanlegg. I tillegg driftar verksemda Grøndalen Miljøanlegg.

Mål

Overhalde myndigheitskrav gitt i utsleppsløyver og krav gitt i øvrig lovvek.

Nøkkeltal

Tema	2010	2011
Reinsa avløpsvatn (m3) Trøim	229 221	202 800
Reinsa avløpsvatn (m3) Ulsåk	75 557	67 715
Trøim ra renseeffekt (fosfor) (%)	96	96
Ulsåk ra renseeffekt (fosfor) (%)	96	89
Trøim ra fosforutslepp i kg	137,9	63,4
Ulsåk ra fosforutslepp i kg	20,4	33,4
Meldte avvik IK-system	2	5
Tot. driftskostn (inndir.+dir. x1000)	8 187	7 537
Inntekter (x1000)	7 728	8 041
Kostnadar energi avløp (x1000 kr)	294	289
Kostnadar kjemikaliar avløp(x1000 kr)	305	229
Økonomisk dekningsgrad (%)	94	106



Også når det gjelder mengde mottatt/reinsa avløpsvatn har mengda gått ned samanlikna med 2010. Dette heng sjølvstekt saman med mindre vassforbruk, og inntektene i 2012 vil bli påverka av dette.

Rensegrad og drift - måloppnåelse

- *Trøim renseanlegg* er det største renseanlegget i Hemsedal (12000 pe, $Q_{maksdim}$: 320m³/h) og tek imot avløpsvatn frå heile Trøim inkl. Holdebakken. Anlegget har i 2011 fungert godt med gode resultat. Alle reinsekrav både mot fosfor og fjerning av organisk stoff er oppfylt.
- *Ulsåk reinseanlegg* tek imot avløpsvatn frå Ulsåk rensedistrikt og er det nest største anlegget i Hemsedal (1100 p, $Q_{maksdim}$: 51 m³/h). Anlegget har i 2011 fungert dårleg og krav gitt i utsleppsløyve vert ikkje overholdt. Ein medverkande årsak til dårlege reinseresultatet er at anlegget er under oppgradering.
- *Tuv renseanlegg* er eit jordrenseanlegg som tek i mot avløpsvatn frå Tuv tettstad. Det er usikkert kor godt anlegget fungerer/reinsar. Det er planer om nedlegging av Tuv jordrenseanlegg og overføring av kloakk frå Tuv til Trøim i løpet av 2016.
- *Grøndalen renseanlegg* har i 2011 fungert dårleg og krav gitt i utsleppsløyve vert ikkje overholdt.

På tross av dårleg reinsing frå både Grøndalen og Ulsåk renseanlegg syner vassdragsovervakning for Hallingdalsvassdraget (Hemsil) at reinseanlegga har liten påvirkning på vassdraget, men prøvetaking nedstraums Ulsåk ra syner tidvis både forhøya verdiar av både tarmbakteriar og fosfor.



Avvik

- Ulsåk og Grøndalen reinseanlegg overhald ikkje krav til renseeffekt
- Verksemda er ikkje akkreditert for prøvetaking av avløpsvatn
- Verksemda har ikkje tilfredstillande oversikt/kartgrunnlag over ledningsnett
- Det er stor innlekkasje av framandvatn på kloaknettet noko som påverker reinsegraden


Renovasjon og slamtømming

Hallingdal renovasjon IKS organiserer innsamling og behandling av avfall på vegne av kommunen. Kommunen syter for fakturering av gebyr, sakshandsaming og kundespørsmål samt tilrettelegging for Hallingdal renovasjon.

Mål Oppfylle krav og tiltak i avfallsplan for Hallingdal samt oppretthalde og betre kvaliteten på dagens teneste

Tema	2010	2011
Husholdningsavfall (tonn)	1 288	1 296
Restavfall til forbrenning (tonn)	912	858
Utsortert papir og papp fra husholdningsavfallet	41	37
Utsortert glass fra husholdningsavfallet	28	29
Utsorterte metaller fra husholdningsavfallet	7	7
Utsortert EE-avfall fra husholdningsavfallet	21	10
Utsortert parkavfall fra husholdningsavfallet	35	85
Utsortert mengde farlig avfall fra husholdningene	8	12
Annet utsortert fra husholdningsavfallet	236	258
Utgifter	3 341	3 550
Inntekter	3 427	4 161
Økonomisk dekningsgrad	103	118



Nøkkeltal**Måloppnåelse**

Dei fleste mål jf. Handlingsplan for 2011 innanfor tenestene er nådd og samarbeidet mellom Hemsedal kommune og Hallingdal Renovasjon IKS fungerer tilfredstillande.

Avvik

- Tidvis forsøpling ved containere sjølv om dette i 2011 har vorte langt betre enn tidlegare år.

Vegar og gatelys

Teknisk drift har ansvaret for drift, vedlikehald og utbygging av kommunale vegar og plassar inkl. veglys. Private entreprenørar syter for vinterdrift av dei fleste kommunale vegane og plassane i Hemsedal. Nokon mindre veger og områder i mellom anna i tilknyting til kommunehuset vert utført i eigenregi.

Mål

Det kommunale vegnettet skal ha normal god vegstandard med fast dekke der dette let seg gjere.

Nøkkeltal

Tema	2009	2010	2011
Kommunale vegar	34	34	34
Gangvegar (km)	3	3	3,2
Utgifter inkl. løn og vedlikehald av vegar, og utstyr (sommar + vinter)	2 047	2 273	3 125
Antall kommunale veglys totalt	609	614	618
Kostnadar veglys (x1000)	149	202	286
Tilskot til private vegar (x 1000)	50	51	52

Som det framkjem av nøkkeltala har utgiftene til sommar og vintervedlikehald auka vesentleg. Årsaka til dette er at brøyteutgifter tidlegare vart periodisert slik at deler av utgiftene vart ført påfølgjande år. Denne praksisen er det slutt på noko som igjen førte til auka utgifter i 2011. Frå 2012 vil dette vere normalisert igjen.

I tillegg måtte det utførast ein del reparasjonar på ei bru, noko som også vart svært kostbart. Auka kostnader i samband med veglys skuldast at det måtte skiftast ut ein del stolper det var gått rote i langs Kyrkjebønsvegen

Drift og vedlikehald - måloppnåelse

Trass stort behov for vedlikehald og avgrensa med midlar, har ein til no klart å oppretthalde ein brukbar standard på det kommunale vegnettet, men det er eit etterslep på vedlikehald av bruar og tiltak i 2012 må vurderast.

Det er tildelt ca 52 000 kr i tilskot til private vegar (Panoramavegen). Storleiken på tilskotet bør vurderast.

Avvik

- Gangvegn Moen bru – Halbjørhus Dokken er i så dårleg forfatning at brøyting er vanskeleg å gjennomføre
- Det er avdekka fleire mindre på kommunale burar.
- Skilting langs kommunale vegar er mangelfull

STATUS INVESTERINGAR – TEKNISK DRIFT

Pnr	Prosjektnavn	Vedtatt i invest. budsjett 2011	Sum tot. løyving jf pol vedtak	Budsjett 2011	Regnskap 2011	Attstående (+) Meirforbruk (-)	K-sak nr	Status
024	Oppgradering PLS (gjeld kun fase 4)	320 000	320 000	170 000	158 910	11 090	56/11	Ok. Prosjekt løper ihht til vedteken plan
032	Kjøp av maskiner og utstyr	100 000	106 250	106 250	96 250	10 000	6/11, 32/11	Ok. Prosjekt ferdigstilt. Sluttrapport ok
049	Tiltak trafikktryggleiksplan	500 000	291 000	190 488	289 802	-99 314	64/10	Prosjekt utført. Sluttrapport med finansiering av meirforbruk vert lagt fram i 2012
053	Sanering av VA-nett		3 550 000	406 471	304 888	101 583	43/09, 39/10, 50/11	Prosjekt utført, men forseinka med ca 1 år. Sluttrapport med avsetning av attstående vert lagt fram i 2012
066	Boligfelt Tuv		325 000	30 327	102 681	-72 354	46/10	Prosjekt utført. Sluttrapport med finansiering av meirforbruk vert lagt fram i 2012
088	Kyrkjebønsvegen		4 700 000	598 338	1 488 837	-890 499	85/09, 51/10	Prosjekt utført. Sluttrapport med finansiering av meirforbruk vert lagt fram i 2012
095	Miljøprioritert gjennomkjøring RV52	2 100 000	200 000	200 000	228 298	-28 298	111/10	Gjeld kun prosjektering. Gjennomføring forsinka med ca år. Sluttrapport med finansiering av meirforbruk vert lagt fram i 2012
096	Industriområde		600 000	600 000	985 130	-385 130	89/10	Gjennomføring forsinka med ca år. Sluttrapport med finansiering av meirforbruk vert lagt fram i 2012
103	Ledningsnett Ulsåk, ny kryssing RV 52		1 200 000	820 000	800 924	19 076	107/10, 52/11	Prosjekt utført, men forseinka med ca 6 mnd. Sluttrapport med avsetning av attstående vert lagt fram i 2012
109	Oppgradering ihht akkreditert prøvetaking	500 000	500 000	400 000	292 993	107 007	70/11	Ok. Prosjekt løper ihht til vedteken plan
115	Overløpsregistrering på ra og pst	100 000		100 000	0	100 000		Ikkje aktuell og gjennomføre, løses på anna måte
124	Prosjekt BioBooster	600 000	8 445 000	595 000	439 606	155 394	83/11	Ok. Prosjekt løper ihht til vedteken plan
132	Sikring av Krikken vannverk	200 000	350 000	350 000	18 258	331 742	69/11	Ikke gjennomført i samsvar med plan grunnet flom store delar av sommern 2011. Gjennomføres sommern 2012
133	Ny hovedserver vann og avløp	200 000	192 000	100 000	114 350	-14 350	56/11	Ok. Prosjekt løper ihht til vedteken plan
134	Opprydding påslippspunkt v/Hugnadheim	200 000		200 000	10 281	189 719		Prosjekt gjennomført. Alt utført i egenregi på en enklere måte enn fyst - forutsatt
135	Tiltak områdeplan Holdebakken	100 000		100 000	0	100 000		Ikke gjennomført i 2011. Avventar områdeplan for Holdebakken
136	Ny ferist Langeset	60 000		60 000	70 238	-10 238		Prosjektet gjeld ikkje ny ferist, men utskifting av rekkverk på gangveg langs Torsetvegen i Trøim
149	Utbygging Svøo III	4 500 000	9 123 000	2 000 000	2 270	1 997 730	106/11	Prosjekt i rute, men det har påløpt langt mindre kostnader i 2011 enn forutsatt
151	VA-ledning Bruhaug Trøim	700 000	700 000	700 000	59 520	640 480		Gjeld prosjektering av ny VA ledning. Prosjektforløp i samsvar med vedtak. Prosjektering ferdig iløpet av 2012.
152	Ny containerløsning Trøim RA	500 000	0	500 000	0	500 000		Ikkje aktuell og gjennomføre, løses på anna måte
155	Planlegging VA-tinden	250 000	0	250 000	0	250 000		Ikkje aktuell og gjennomføre, løses på anna måte
		10 930 000	30 602 250	8 476 874	5 463 236	3 013 638		

Unytta investeringsmidlar 2011 som overførast til investeringsbudsjett 2012

Pnr	P_navn	Løyving 2011	Regnskap 2011	Overføring rest 2012	Budsjett 2012	Justert bud. 2012	K-SAK
024	Oppgradering PLS	170 000	158 910	11 090	150 000	161 090	56/11
109	Oppgradering akkreditert prøvetaking	400 000	289 232	110 768	100 000	210 768	70/11
124	Biobooster	595 000	439 606	155 394	6 660 000	6 815 394	83/11
149	Utbygging Svøo III	2 000 000	2 270	1 997 730	7 123 000	9 120 730	106/11

SJØLVKOST - ETTERKALKYLE 2011

Alle historiske overskot er tilbakebetalt innan femårs regelen og bruk av resterande saldo på sjølvkostfond er tatt med i langtidsbudsjetta.

Nedanfor vises årets etterkalkyle for dei aktuelle betalingstenestene:

2011	Resultat				
Etterkalkyle for 2011	Vann	Avløp	Renovasjon	Slamtømming	Sum
Driftsutgifter	2 397 116	3 642 880	3 418 503	556 298	10 014 797
Avskrivningskostnad	1 298 429	2 543 365	0	0	3 841 794
Alternativkostnad (kalkulatorisk rente)	613 758	1 038 337	0	0	1 652 095
Sum direkte kostnader	4 309 303	7 224 582	3 418 503	556 298	15 508 686
Interntjenester - Netto driftsutgifter	293 434	312 908	131 617	72 370	810 330
Interntjenester - Avskrivningskostnad	0	0	0	0	0
Interntjenester - Alternativkostnad (kalkulatorisk rente)	0	0	0	0	0
Sum indirekte kostnader	293 434	312 908	131 617	72 370	810 330
Sum kostnader	4 602 737	7 537 490	3 550 120	628 668	16 319 016
Kommunale årsgebyr	4 218 452	7 289 363	4 146 515	653 134	16 307 464
Tilknytningsavgift	500 964	716 152	0	0	1 217 116
	0	0	0	0	0
Øvrige salgsinntekter	2 000	0	0	0	2 000
Overføringer med krav til motytelse	25 073	36 388	23 760	0	85 221
Overføringer uten krav til motytelse	0	0	0	0	0
Sum direkte inntekter	4 746 489	8 041 903	4 170 275	653 134	17 611 801
+/- Regnskapsført bruk av/avsetning til selvkostfond	0	0	0	0	0
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond	24 315	-35 052	-8 471	-6 901	-26 109
+/- Gevinst/tap ved salg/utrantering av anleggsmiddel	0	0	0	0	0
Sum inntekter fra fond mv.	24 315	-35 052	-8 471	-6 901	-26 109
Sum inntekter	4 770 804	8 006 851	4 161 804	646 233	17 585 692
Kostnadsdekning (Sum inntekter/Sum kostnader)	104 %	106 %	117 %	103 %	108 %
Finansiell dekningsgrad (KOSTRA)	103 %	107 %	118 %	104 %	108 %
Foreløpig selvkostresultat (inntekter minus kostnader)	168 067	469 361	611 684	17 565	1 266 677
Eventuelt tilskudd el. over kommunekassen	0	0	0	0	0
Selvkostresultat (til selvkostfond)	168 067	469 361	611 684	17 565	1 266 677
Inngående balanse - Selvkostfond	666 429	-1 316 529	-567 289	-221 777	-1 439 166
Utgående balanse - Selvkostfond	834 496	-847 168	44 395	-204 212	-172 489

2011	Resultat				
Etterkalkyle for 2011	Plansakbehandl ing	Bygg, deling og seksjonering	Kart og oppmåling	Feling	Sum
Driftsutgifter	1 110 940	1 439 202	944 285	504 664	3 999 091
Avskrivningskostnad	0	0	37 940	0	37 940
Alternativkostnad (kalkulatorisk rente)	0	0	6 115	0	6 115
Sum direkte kostnader	1 110 940	1 439 202	988 340	504 664	4 043 146
Interntjenester - Netto driftsutgifter	200 533	430 376	214 516	28 974	874 399
Interntjenester - Avskrivningskostnad	0	0	0	0	0
Interntjenester - Alternativkostnad (kalkulatorisk rente)	0	0	0	0	0
Sum indirekte kostnader	200 533	430 376	214 516	28 974	874 399
Sum kostnader	1 311 473	1 869 578	1 202 856	533 638	4 917 545
Avgiftsfritt salg av varer og tjenester/Kommunale årsgebyr	57 990	1 140 194	564 378	332 301	2 094 863
	0	0	0	0	0
	0	0	0	0	0
Øvrige salgsinntekter	0	0	137 500	0	137 500
Overføringer med krav til motytelse	2 408	39	192 828	13 000	208 275
Overføringer uten krav til motytelse	0	0	0	0	0
Sum direkte inntekter	60 398	1 140 233	894 706	345 301	2 440 638
+/- Regnskapsført bruk av/avsetning til selvkostfond	0	0	0	0	0
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond	0	0	0	0	0
+/- Gevinst/tap ved salg/utrantering av anleggsmiddel	0	0	0	0	0
Sum inntekter fra fond mv.	0	0	0	0	0
Sum inntekter	60 398	1 140 233	894 706	345 301	2 440 638
Kostnadsdekning (Sum inntekter/Sum kostnader)	5 %	61 %	74 %	65 %	50 %
Finansiell dekningsgrad (KOSTRA)	4 %	61 %	65 %	64 %	46 %
Foreløpig selvkostresultat (inntekter minus kostnader)	-1 251 075	-729 345	-308 150	-188 337	-2 476 907
Eventuelt tilskudd el. over kommunekassen	1 251 075	729 345	308 150	188 337	2 476 907
Selvkostresultat (til selvkostfond)	0	0	0	0	0
Inngående balanse - Selvkostfond	0	0	0	0	0
Utgående balanse - Selvkostfond	0	0	0	0	0

Sjølvkost – forklaring

Etterkalkyle for dei kommunale betalingstenestene vatn, avløp, renovasjon, slam, byggesak, plan, kart og oppmåling samt feiing i Hemsedal kommune er utført i samsvar til Retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester (H-2140, Kommunal- og regionaldepartementet, januar 2003).


Sjølvkost inneberer at kommunens kostnader med å frambringe tenestene skal dekkast inn gjennom dei gebyra som abonnentane eller brukarane betaler. Kommunen har dermed ikkje anledning til å tene pengar på tenestene. For å sikre dette så må kommunen etterskottsvis utarbeide et sjølvkostrekneskap som viser resultatet for det enkelte gebyrområdet.

Sjølvkostrekneskapet opererer med enkelte prinsipp som er forskjellig frå kommunens ordinære driftsregnskap og vil såleis ikkje være direkte sammenlignbare.

I grunnlaget for sjølvkost inngår driftsutgifter, kalkulatoriske kapitalkostnader (avskrivningar og rentekostnader), samt fordelte administrasjonsutgifter (både drift og kapital).

Figuren til høyre illustrerer dette. Alle driftsutgiftene for tenesta med unntak av finansielle (KOSTRA-) avskrivningar er med i grunnlaget. Retningslinjene beskriver egne regler for berekning av sjølvkostavskrivningar så desse må bereknast utanfor kommunens regnskap og vil som oftast avvike noko i forhold til dei finansielle avskrivningane. Retningslinjene fastsetter vidare kva administrative oppgåver og funksjoner som er relevant å fordele til sjølvkostrekneskapet, samt dei fordelingsnøklar som bør nyttast. Desse utgiftene blir ikkje fordelt regnskapsmessig og vi vil derfor også her oppleve et avvik mellom kommunens regnskap og sjølvkostrekneskapet.

